

Rapport nr. 1

Finn Ove Båtevik, Marte Hanche-Dalseth og
Susanne Moen Ouff

LEVEKÅR I KRISTIANSUND

Eit forprosjekt

Finn Ove Båtevik
Marte Hanche-Dalseth
Susanne Moen Ouff

LEVEKÅR I KRISTIANSUND

Eit forprosjekt

Rapport nr. 1

Høgskulen i Volda Møreforskning Volda

2010

Prosjekttittel	Forprosjekt levekår i Kristiansund kommune
Prosjektansvarleg	Møreforskning Volda
Prosjektleder	Finn Ove Båtevik
Finansiering	Kristiansund kommune
Medforfattarar	Marte Hanche-Dalseth og Susanne Moen Ouff
Ansvarleg utgivar	Møreforskning Volda
ISBN	978-82-7692-301-8 (elektronisk utgåve)
ISSN	1891-5981
Distribusjon	http://www.moreforsk.no/volda.htm http://www.hivolda.no/rapport

© Forfattar/Møreforskning Volda

Føresegnene i åndsverklova gjeld for materialet i denne publikasjonen. Materialet er publisert for at du skal kunne lese det på skjermen eller framstille eksemplar til privat bruk. Utan særskild avtale med forfattar/Møreforskning Volda er all anna eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate så langt det har heimel i lov eller avtale med Kopinor, interesseorgan for rettshavarar til åndsverk.

Rapport

Vitskaplege og andre faglege arbeid på høgare nivå enn notat. Både forfattar og institusjon er fagleg ansvarlege for publikasjonen. Arbeida kan vere rapportar frå prosjekt/oppdragsverksemd eller reint teoretiske arbeid av eit visst omfang. Rapportane må vere godt gjennomarbeidde med omsyn til innhald, struktur og språk og innehalde referansar. Rapportane skal vere godkjende av prosjektleder og/eller avdelingsleder ved MFV. Kvalitetssikringa skal utførast av ein annan enn forfattar.

Forord

Rapporten *Levekår i Kristiansund* er utarbeidd på oppdrag frå Kristiansund kommune. Arbeidet har vore organisert som eit forprosjekt, der kommunen ønskte ei systematisering av tilgjengelege data på levekårområdet, ei innsamling av informasjon om levekårs situasjonen og ein gjennomgang av viktige tiltak som er sette i gang for å betre denne i Kristiansund per i dag. Målet med dette arbeidet var å danne basis for ei betre forståing av årsakene til levekårs situasjonen i Kristiansund, som grunnlag for å utarbeide tiltak vidare.

For å få innsikt i desse forholda har vi utført ei kartlegging på grunnlag av data frå Statistisk sentralbyrå. Vidare har vi gjennomført intervju og eit dialogmøte om levekårs spørsmål i Kristiansund. Mange stilte velvillig opp både til intervju og dialogmøte. Dei skal alle ha stor takk for at dei i ein travel kvardag tok seg tid til å møte oss og formidle verdifull informasjon om dei utfordringane som ein del av innbyggjarane i Kristiansund står overfor.

Bjarne Sandvik i Kristiansund kommune har vore kontaktpersonen vår i arbeidet med prosjektet. Saman med ei større arbeidsgruppe har han ytt god hjelp og støtte i arbeidet. Vi vil takke han og resten av arbeidsgruppa så mykje for eit godt og konstruktivt samarbeid!

Volda 3. februar 2010

Finn Ove Båtevik
Marte Hanche-Dalseth
Susanne Moen Ouff

Forord	3
1. Levekår i Kristiansund	5
Kort om levekår	5
Om prosjektet	6
Kapittel 2. Metodisk tilnærming.....	7
Kartlegging.....	7
Dialogmøte.....	8
3. Geografisk opphoping av levekårsproblem?	10
Overgangsstønad	12
Utdanning	14
Sosialhjelp	16
Ikkje-vestlege innvandrarakar	18
Uføretrygd	20
Dødsfallsrater	22
Samleindeks for levekårproblem – basert på seks kjenneteikn	24
4. utfordringar på levekårområdet	27
Oppvekstvilkår for barn og unge.....	27
<i>Barn av einslege forsørgjarar</i>	<i>27</i>
<i>Barn med foreldre som slit med eigne problem</i>	<i>27</i>
<i>Fritid og sosial deltaking.....</i>	<i>28</i>
Ungdom – mellom utdanning og arbeid.....	29
<i>Fråfall.....</i>	<i>29</i>
<i>Skulemeistring</i>	<i>29</i>
<i>Utanfor skule og arbeid.....</i>	<i>30</i>
<i>Utsette grupper barn og unge i Kristiansund.....</i>	<i>30</i>
Levekårsutfordringar blant vaksne	31
<i>Inntekt.....</i>	<i>31</i>
<i>Låginntektsgrupper.....</i>	<i>32</i>
<i>Fattigdom</i>	<i>33</i>
<i>Eldre</i>	<i>33</i>
<i>Sosial arv.....</i>	<i>34</i>
Geografisk opphoping av levekårsvanskar.....	34
<i>Bustad som verktøy for sosial utjamning?.....</i>	<i>35</i>
<i>Bustaden som sosial miljøfaktor.....</i>	<i>35</i>
<i>Bustadstandard og geografisk segregering</i>	<i>35</i>
Levekårsproblem – ei helseutfordring?	36
<i>Sosial ulikskap i helse og dødelegheit</i>	<i>36</i>
<i>Psykiske helse.....</i>	<i>37</i>
<i>Helsa til einslege</i>	<i>37</i>
Levekårsutfordringane sett i perspektiv	37
5. Vegen vidare	39
Referansar	43
Appendiks: Viktige individretta tiltak	44

1. Levekår i Kristiansund

Kristiansund kjem dårleg ut på dei målingane som Statistisk sentralbyrå gjer av levekårsituasjonen i landet. I ei analyse basert tal frå Statistisk sentralbyrå i 2007, kjem Kristiansund dårlegast ut av alle kommunane i fylket, i tillegg til at kommunen også kjem relativt dårleg ut blant alle kommunane i heile landet (Halpern 2008). I tillegg viser tala at Frei, som på det tidspunktet var ein eigen kommune, også skårar relativt dårleg på same indeks. Alt dette medan Møre og Romsdal gjennomgåande skårar høgt på levekårsindeksen. Møre og Romsdal er det tredje beste fylket i landet om ein legg tala frå Statistisk sentralbyrå til grunn.

Det er særleg fire område Kristiansund kjem svakt ut på blant dei levekårsindikatorane som Statistisk sentralbyrå legg til grunn for sine målingar; del av befolkninga som får sosialhjelp, dødelegheit, del av befolkninga som får attføringspengar og mottakarar av overgangstønad. Dette indikerer utfordringar for kommunen både på levekårområdet og helseområdet.

Det må likevel understrekast at levekåra i det norske velferdsamfunnet generelt er gode og slik er det også for Kristiansund. Levekåra blant folk flest er bra i Kristiansund. Samstundes er det registrert ei positiv utvikling på fleire levekårområde i Kristiansund, spesielt dei siste åra (Halpern 2008).

Teikna til endringar i levekår fell saman med det som har vore kalla "Det store hamskiftet" for Kristiansund, eit hamskifte som ikkje minst har vore knytt til utviklinga av oljebyen Kristiansund (Larsen 2007). Trass den nye optimismen og dei positive utviklingstrekk også på levekårsområdet, peikar statistikken på at utfordringane på levekårsområdet framleis er større enn i mange andre kommunar. Derfor er ein også i kommuneorganisasjonen opptekne av utfordringane av levekåra til utsette grupper.

Kort om levekår

Levekår kan vurderast ut frå fleire perspektiv. Tradisjonelt blir levekår målt ut frå objektive kriterium som inntekt, utdanning, helse og bustadforhold (Dølvik m fl 2008). Ein kan også vurdere levekår ut frå kva kapasitet og evne den enkelte har for å gjere seg nytte av dei ressursane som er tilgjengelege. Levekår kan vidare vurderast som opplevd livskvalitet.

Opphoping av levekårproblem blir vurdert som ei særleg utfordring (Dølvik m fl 2008). Når enkelte opplever meir enn ei levekårulempe, kan det utløyse større tenestebehov frå kommunen enn om to personar har eitt problem kvar. Opphoping kan også referere til geografi, på den måten at enkelte strøk eller bydelar kjem systematisk dårlegare ut enn andre. Bustadstruktur og bustadmarknad er døme på faktorar som medverkar til at geografiske forskjellar i levekår oppstår og blir haldne ved like. Det kan også vere lokale forhold, t.d. fysisk og/eller sosialt miljø, som er med å skape levekårproblem. Eitt av måla med denne rapporten, er å få meir kunnskap om i kva grad det er opphoping av levekårsproblem knytt til ulike delar av Kristiansund kommune. Sett i lys av at Kristiansund er ein relativt liten by, sjølv i norsk samanheng, er det ikkje gitt at ein den geografiske opphopinga av levekårsproblem er like store her som i større byar.

Levekår kan også knytast til andre omgrep, til dømes fattigdom (Fløtten, Dahl, Grønningsæter 2001). Levekår har mellom anna vore brukt som indikator på fattigdom i dei nordiske levekårsundersøkingane. Fattigdom blir då definert som ein påtvungen mangel av levekårgode som har sosial aksept som gode ein treng, eller som mangel på tilstrekkeleg økonomiske ressursar til å skaffe seg ein rimeleg levestandard. Korkje dårlege levekår eller manglande økonomiske ressursar er aleine tilstrekkeleg som føresetnad for å peike ut kven som er fattige eller ikkje. Ein kan for eksempel skilje mellom

inntekstfattige, levekårsfattige og sosialt ekskluderte. Om vi tenker at fattigdom kjem til uttrykk på denne måten, er det hopinga av levekårsproblem som er utfordringa. For å finne "dei ekte" fattige må vi konsentrere oss om dei som opplever levekårsproblem på fleire områder. I vår samanheng slår vi fast at det kan vere slike koplingar mellom levekårsproblem og fattigdom. Fattigdomsspørsmålet er likevel ikkje eit eige tema i vårt arbeid.

Om prosjektet

På bakgrunn av dei levekårsutfordringane ein opplever i Kristiansund, ønskte kommunen ei systematisering av tilgjengelege data på levekårsområdet, ei innsamling av informasjon om levekårs situasjonen og ein gjennomgang av tiltak som er sette inn for å betre denne i Kristiansund per i dag. Målet med dette arbeidet var å danne basis for ei betre forståing av årsakene til levekårs situasjonen i Kristiansund, som grunnlag for å utarbeide tiltak vidare. I "Kommuneplan for Kristiansund 2008-2020" går det fram at barn og unge skal vere spesielt i fokus, men arbeidet som er gjennomført er ikkje avgrensa til denne gruppa.

Målet for det arbeidet som er presentert i denne rapporten er å skaffe fram kunnskap for å legge grunnlag for det vidare arbeidet med å betre levekåra i Kristiansund. I arbeidet er det såleis både ei gjennomgang av levekårs situasjonen i kommunen. Tiltak knytt til det vidare arbeidet med levekårsproblem blir også drøfta.

Kapittel 2. Metodisk tilnærming

Metodisk krev prosjektet fleire tilnærmingar. Sjølv om det alt førelåg ein gjennomgang av levekårvariablar, der situasjonen i Kristiansund blir samanlikna med andre kommunar i fylket, var det relevant å hente inn anna datamateriale. Fleire datakjelder er brukte. Dette gjeld både tilgjengleg nasjonal statistikk, erfaringar frå andre relevante levekårstudiar for studien av Kristiansund, dokumentstudiar og informasjonen om levekårproblem i Kristiansund som vi har henta frå nøkkelpersonar i kommunen.

Arbeidet har bestått av to hovuddelar. Første del har vore ei kartlegging. Andre del av prosjektet har hatt som mål å legge grunnlaget for arbeid med prosessen vidare. Eit eige dialogmøte var tenkt som ein optakt til dette arbeidet.

Kartlegging

Halpern (2008) har tidlegare sett på levekårindikatorar for Kristiansund og samanlikna desse med situasjonen i andre kommunar i Møre og Romsdal. I denne rapporten har vi gått vidare og gjennomført ei kartlegging av korleis ein del sentrale levekårindikatorar slår ut i ulike delar av kommunen. Ei tilsvarande analyse vart gjennomført for Bergen i 2008 (Bergen kommune 2008).¹ Ved å gjennomføre ei liknande kartlegging i Kristiansund vil ein oppnå to ting. For det første vil ein kunne få eit godt bilete av eventuell opphoping av levekårproblem i byen. Vidare gir dette grunnlag for å vurdere korleis desse resultatane er samanlikna med tilsvarande i ulike bydelar i ein større by som Bergen. I ein relativt stor by som Bergen er det store variasjonar, frå område som kjem svært godt ut på levekårstatistikken til område som kjem langt dårlegare ut. Spørsmålet er korleis bydelane i ein småby som Kristiansund kjem ut i ei slik samanlikning. Er levekårutfordringane her meir like mellom ulike delar av byen, og kva konsekvensar har dette eventuelt for val av tiltak?

Vi tok derfor kontakt med Statistisk sentralbyrå med tanke på å kartlegge dei same levekårindikatorane som inngjekk i tilsvarande kartlegging i Bergen. I praksis viste det seg at ein del data berre var tilgjengelege for dei største byane. Dermed var vi avhengig av å basere kartlegginga av levekår internt i Kristiansund kommune på følgjande seks indikatorar:

- Mottakarar av overgangstønad (per 100 kvinner 20-39 år)
- Personar med låg utdanning - barne- og ungdomsskulenivå som høgste fullførte utdanning i aldersgruppa 30-39 år
- Sosialhjelp tilfelle 16 år og over (per 100 innbyggjarar 16 år og over)
- Befolkninga som er ikkje-vestlege innvandrarar (andel av alle)
- Uføretrygda 16-49 (per 1000 innbyggjarar 16-49 år)
- Dødelegheit i alt. Årsgjennomsnitt siste fem år med tilgjengelege data. Alders- og kjønnsstandardiserte tal

For å kunne få eit bilete av eventuell geografisk opphoping av levekårsproblem, er det utarbeidd ein eigen samleindeks for dei seks indikatorane. I og med at Kristiansund er delt inn i 12 delområde, er kvart delområde rangert på ein skala frå 1 til 12 for kvar av dei seks indikatorane. Det delområdet som har færrest mottakarar av overgangstønad får verdien 1 på denne indikatoren, medan det delområdet som har flest mottakarar av overgangstønad får verdien 12. Når dette er gjort for alle dei seks indikatorane, blir verdiane lagt saman og gjennomsnittsverdien for kvart delområde utrekna. Det delområdet som er nærast verdien 1 på samleindeksen, har minst opphoping av levekårsproblem. Det delområdet som er nærast verdien 12 på samleindeksen, har størst opphoping av levekårsproblem.

¹ http://images.bt.no/btno/multimedia/archive/00540/LEVEKAARSRAPPORT_20_540698a.pdf

Som ein del av kartlegginga er det også gjennomført intervju med 19 nøkkelpersonar. Dette er personar knytte til viktige sektorar for levekårspørsmål, primært i den kommunale verksemda. Ein del av dei som blei intervjuar utgjer ei eiga arbeidsgruppe for levekårspørsmål i kommunen. I tillegg vart det intervjuar personar i administrative stillingar og representantar som i større grad arbeider ut mot brukarane. Intervjuobjekta representerte helsesektoren, sosialtenesta, planlegging, opplæring og politi. Føremålet var å kartlegge deira eigne erfaringar, og få tilgang på skrifteleg materiale, til dømes i form av statistikk som blir ført internt, planar, tiltak som er sette i gang, planlagde tiltak osv. I tillegg til å få fram problemområda, var det også eit poeng i intervjuar å få fram relevant informasjon om aktivitet som kan styrke levekåra, til dømes blant barn og unge. Deltaking i lag og organisasjonar eller arbeid for utvikling av bumiljø og skular er døme på slike tema.

Dialogmøte

Det vart gjennomført eit eige dialogmøte i Kristiansund 23. september 2009. Dette møte bygde på ”Verkstadsmodellen” der politikarar, representantar frå ulike relevante område av verksemda i kommunen, skular, barne- og ungdomsorganisasjonar, ideelle organisasjonar, næringsliv og politikarar deltok. Det var svært god oppslutning om dette møtet, med i alt 44 deltakarar.

Dialogmøte var lagt opp i tre delar. Møreforskning, ved forskar Susanne Ouff, var prosessleiar. Først skulle gruppene på fritt grunnlag drøfte utfordringar for levekåra i Kristiansund kommune. Det vart lagt opp til ein open prosess, der alle innspel skulle løftast fram for deretter grupperast og sorterast. Gruppene vart her delt opp tematisk, slik at alle som for eksempel sorterte under næringsliv var plasserte i ei gruppe. På mange måtar var dette ei direkte oppfølging av kartleggingsarbeidet, eit arbeid for å supplere dette. Ein del viktige utfordringar kom fram, tema som i stor grad viste samanfall med dei utfordringane som kom fram gjennom intervjumaterialet. I etterkant av presentasjonen frå gruppene, presenterte Møreforskning resultat frå intervju og kartlegginga så langt, som eit supplement til det som kom fram i gruppearbeidet. Ideelt skulle ein også her ha presentert kartleggingsstudien basert på talmaterialet frå dei ulike delområda i Kristiansund på dette tidspunktet. På grunn av sein leveranse frå Statistisk sentralbyrå, vart denne presentasjonen sterkt amputert. Vi hadde på dette tidspunktet berre data for ein av dei seks levekårindikatorane vi har sett nærare på.

I etterkant fekk gruppene to ulike oppgåver til drøfting. Først skulle ein drøfte tiltak som fungerer i dag og som ein bør fortsette med. Deretter var temaet tiltak som manglar i dag. Under dei to siste delane vart gruppestrukturen endra, slik at gruppene blei blanda der representantar med ulik bakgrunn og frå ulike fagfelt møttest.

Verkstadane var lagt opp for å sikre gode gruppeprosessar, styrke samarbeid og informasjonsutveksling og skape brei mobilisering lokalt. Intensjonen med ein slik arbeidsmåte er å sikre forankring av arbeidet både i kommuneorganisasjonen og hos andre relevante partar i arbeidet. I den grad ein gjennom arbeidet skal kome med forslag og innspel til korleis dei konkrete utfordringane kan løysast, er det viktig at dette har forankring hos dei som arbeider og har interesse for ta tak i dei.

Vår oppleving var at dialogmøtet understreka eit ønskje om at levekårspørsmål bør prioriterast, og at ein ser arbeidet med å betre levekåra i Kristiansund som viktig for å utvikle eige lokalsamfunn framover. Vi er meir usikre på om ein gjennom møtet kom langt i drøftingane til å tenke konkrete tiltak. Det er meir snakk om idear og tankar som treng vidare vurdering, enn endelege svar. Møreforskning har utarbeidd ei eiga oppsummering av tema som var teke opp på dialogmøtet. Denne oppsummeringa er distribuert til alle deltakarar på dialogmøtet og vil saman med denne rapporten danne grunnlag for vidare arbeid internt i kommunen.

Gjennom intervjuar og dialogmøte nådde vi ut til eit breitt utval informantar. Det er også henta inn supplerande skriftelege materiale og talmateriale. Det skal likevel understrekast at den informasjonen som har kome inn, til dømes gjennom intervju og dialogmøte, først og fremst gir grunnlag for det vi

kan kalle tentative funn, det vil seie at funna er av ein prøvande og førebels karakter. Eit døme på dette såg vi når vi presenterte funna på to avslutningsmøte for forprosjektet i Kristiansund, eit ope møte med brei deltaking (både deltakarar frå dialogmøtet og andre møtte) og eit møte for politikarar. Vi rapporterte følgjande på bakgrunn av meldingar i intervju og dialogmøte: ”Frå skulane blir det meldt at ein rekrutterer barn med ulik bakgrunn. Det blir ut frå desse tilbakemeldingane ikkje opplevd at ein har ei opphoping av levekårsutfordringar knytt til enkeltskular”. Ein av skulane kjende seg ikkje att i denne omtalen, og gav tilbakemelding om det. Skulen hadde ikkje delteke på dialogmøte, og det viste seg i ettertid at representantar for denne skulen ikkje stod på lista over informantar som vi la til grunn når intervjuet vart gjennomførde. Det må difor understrekast at funna i kapittel 4 er tentative. Det vil såleis vere behov for meir dokumentasjon før endelege konklusjonar kan dragast. Samstundes illustrerer dette dømet at både deltakarane på dialogmøtet og på dei møta som vart gjennomførte i avslutninga på prosjektet, kunne kome med innspel som medverka til oppklare mistydingar og feil. Dialogmøtet og møta gjennomførte i avslutninga av prosjektet fungerte slik sett ein test av kor stort hald det er i funna som kjem fram i rapporten.

3. Geografisk opphoping av levekårsproblem?

Frå studiar i større byar er det kjent at levekårsproblem har ein tendens til å vere knytt til bestemte områder i byen. Det skjer ei opphoping av levekårulemper i enkelte delar av byen, medan innbyggarane i andre delar har langt betre levekår. Bustadstruktur og bustadmarknaden kan medverke til slike forskjellar, men det er gjerne andre underliggande forhold som ligg bak.


I dette kapitlet er vi på jakt etter eventuelle spor av opphoping av levekårulemper i Kristiansund. Indikatorane som er valt for ei slik kartlegging er valde ut frå fleire kriterium. For det første har vi vore på jakt etter relevante levekårindikatorar. For det andre har vi måtte avgrense omfanget av indikatorar ut frå kva Statistisk sentralbyrå kan tilby av data for delområde i kommunar som Kristiansund.

Eit gjennomgåande trekk i kapitlet, er at vi samanliknar med situasjonen i Bergen. Det er to grunnar til dette. For det første har ein nyleg gjennomført ei levekårundersøking i Bergen, der dei har brukt fleire av dei same indikatorane som vi bruker i kartlegginga i Kristiansund. Tala frå Bergen er rett nok eitt til tre år eldre enn dei tala vi har frå Kristiansund. For det andre er det interessant å samanlikne ein liten by som Kristiansund og ein større by som Bergen. Det er nærliggande å tenke seg at større byar er prega av større interne forskjellar enn mindre byar (jf kapittel 1). Spørsmålet er om dette stemmer med levekårkartet for Kristiansund.

Tabell 3.1. Befolkninga i Kristiansund fordelt på delområde. 2009. Kjelde: Statistisk sentralbyrå, statistikkbanken.


Delområde	Folketal 1.1 2009
Innlandet	1268
Kirkelandet sentrum	2107
Vestre bydel	1883
Kringsjø	1458
Nordre bydel	2620
Gomalandet	1330
Teistholmen	988
Nordlandet	3028
Dale	2664
Frei	1679
Rensvik	2660
Bjerklund	1223
Uplassert	29
Kristiansund i alt	22937

Kristiansund kan delast inn i 12 delområde. Desse delområda er sett saman av tre eller fleire grunnkrinsar. Kvar delområde har mellom 1.000 og 3.000 innbyggarar. Dette betyr at delområda, jamt over har klart færre innbyggarar enn dei levekårsonene som blei brukt i studien frå Bergen, der kvar sone hadde mellom 2.500 og 8.500 innbyggjarar (Bergen kommune 2008, 14).



Figur 3.1. Kart over delområde i Kristiansund. Kartgrunnlag utarbeidd av Kristiansund kommune.

Overgangsstønad



i talet på tilfeller av overgangsstønad.

Dei tre delområda i gamle Frei kommune, Frei, Bjerklund og Rensvik, ligg alle under gjennomsnittet for kommunen. Det same gjeld Innlandet, Dale, Kirkelandet sentrum og Nordre bydel. Det er særleg tre delområde som skil seg ut med høge tal; Kringsjø, Gomalandet og Teistholmen.

Medan Bergen i gjennomsnitt hadde 3,8 mottakarar av overgangsstønad i 2007, var tilsvarande tal i 2008 klart høgare i Kristiansund i 2008. Av dei 51 delområda i Bergen, var det i alt 8 delområde i Bergen som hadde lågare tal enn delområdet Frei i Kristiansund. Samtidig var Fantoft det området i Bergen som hadde høgst del mottakarar av overgangsstønad, med 7 prosent slike mottakarar. Både Kringsjø, Gomalandet og Teistholmen ligg klart over nivået til Fantoft. **Trass i at Kristiansund er ein langt mindre by enn Bergen, er forskjellane mellom delområda vel så store i Kristiansund som i vestlandshovudstaden.** I tillegg er det heile tre delområde i Kristiansund som ligg klart over høgste nivå i Bergen.

Figur 3.2. Mottakarar av overgangsstønad per 100 kvinner 20-39 år (november 2008). Kristiansund kommune.


Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Overgangsstønad er stønad til livsopphald for personar som mellombels er ute av stand til å forsørge seg sjølve ved eige arbeid på grunn av omsorg for barn. Mottakarar av overgangsstønad er primært kvinner.

Enslige forsørgere som tar imot overgangsstønad har jevnt over lavere utdanning, dårligere tilknytning til arbeidslivet og lavere inntekter enn andre enslige forsørgere, og har i tillegg ofte dårligere boforhold. De bruker større andel av inntekten på boutgifter. Undersøkelser viser at de har større risiko for utvikling av helseproblemer og uheldig helseatferd.


Bergen kommune 2008, 18

I Kristiansund var det i gjennomsnitt 4,7 per 100 kvinner i alderen 20-39 år som mottok overgangsstønad i 2008. Dette er eitt av dei områda der Kristiansund har kome dårlegast ut av alle kommunane i Møre og Romsdal (Halpern 2008). Det har likevel vore ein klar nedgang i desse tala i perioden frå 2003-2007. Tala frå 2008 gjeld den nye storkommunen, og kan såleis ikkje samanliknast direkte med føregåande tal. Talet for den nye storkommunen ligg likevel så mykje under tidlegare registreringar, at det er grunn til tru at det framleis er nedgang



Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Utdanning



Figur 3.3. Personar med utdanning på grunnskulenivå som høgste avslutta utdanning i aldersgruppa 30-39 år (2007).² Kristiansund kommune. Prosent. Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Utdanningsnivå er knytt til helse og levekårsvanskar på mange måtar:

Undersøkelser viser klare forskjeller både i total dødelighet, dødelighet av årsaker som kreft og hjerte- og karsykdom, forventet levealder, forekomst av psykiske problemer og egenvurdert helse og i forhold til utdanningslengde, inntekt og type yrke.


Bergen kommune 2008, 9

Kristiansund har noko lågare utdanningsnivå enn landet. Medan det for landet sett under eitt var 17,3 prosent i aldersgruppa 30-39 år som hadde grunnskulenivå som høgste avslutta utdanning, var tilsvarende tal i Kristiansund 19 prosent. Samanlikna med andre kommunar i Møre og Romsdal, var det likevel ein heil del kommunar som kom dårlegare ut, deriblant gamle Frei kommune, men også fleire andre (Halpern 2007).

Kringsjø og Dale har relativt liten befolkning med låg utdanning, medan det for delområda Nordlandet, Kirkelandet sentrum, Bjerklund og Teistholmen er meir enn 20 prosent av dei i trettiårsalderen som har grunnskule som høgste utdanning.


Det er lite forskjell mellom innslaget av unge vaksne med utdanning på grunnskulenivå i Kristiansund og Bergen. Bergen ligg faktisk litt over med 19,2 prosent, sjølv om vi bør gjere merksam på at tala for Bergen er frå 2005. Det er interessant i samanlikninga mellom dei to byane, at det er **langt større spreing mellom delområda i Bergen enn det mellom dei ulike delane av Kristiansund når det gjeld utdanningsnivå**. Medan Bergen har eit delområde der berre 3,8 prosent av dei i trettiåra har låg utdanning, er Kringsjø lågast med 12,4 prosent i Kristiansund. I den andre enden er det delområde i Bergen der 34,3 prosent av trettiåringane har låg utdanning, medan tilsvarende for Teistholmen er 25,8 prosent.

²For dei som gjekk i vidaregåande opplæring i perioden frå midten av 1970-talet fram til oppstart Reform 94, dvs. dei som er i målgruppa i denne figuren, må ein minst ha fullført VK1 i vidaregåande (dvs. 2 år) før det blir registrert som utdanning på vidaregåande nivå av Statistisk sentralbyrå (http://www.ssb.no/vis/magasinet/slik_lever_vi/art-2006-09-14-01.html).



Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Sosialhjelp



”gamle” Kristiansund kommune i 2007).

På same måte som for overgangstønad, har alle delområda frå gamle Frei kommune relativt få innbyggjarar som er brukarar av sosialhjelp. Elles er det fleire av dei områda som har relativt mange mottakarar av sosialhjelp, som også har relativt mange på overgangsstønad. Rett nok skil særleg Teistholmen seg ut ved å ligge under gjennomsnittet med tanke på bruk av sosialhjelp, medan området ligg heilt på toppen når det gjeld bruk av overgangstønad i Kristiansund. Gomalandet ligg derimot høgt både når det gjeld overgangsstønad og sosialhjelp. Berre Vestre bydel har fleire tilfelle av sosialhjelp enn Gomalandet, nærare bestemt 5,2 prosent.

Kristiansund har likevel relativt sett færre sosialhjelpstilfelle enn Bergen. Bergen hadde i gjennomsnitt 3,9 prosent slike tilfelle blant befolkninga over 16 år om vi legg tala frå 2006 til grunn. **Jamført med Bergen er også forskjellane mellom dei ulike delområda mindre i Kristiansund.** Det er var i alt 13 delområde i Bergen som låg over nivået til Vestre bydel. I Bergen var det for eksempel to bydelar der

Figur 3.4. Sosialhjelpstilfelle 16 år og over per 100 innbyggjarar. Registrerte tilfelle i løpet av året (2008).

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Når menneske har behov for sosialhjelp er dette ofte ein indikator som peikar i retning av opphoping av ulike levekårlemper.³


Flere undersøkelser viser at sosialhjelpsmottakerne har dårligere helse enn befolkninga forøvrig. Dette gjelder særleg psykisk sykdom, men også kreft og hjerte og karsykdom. Dødeligheten til sosialhjelpsmottakere er langt høyere enn dødeligheten i resten av befolkningen. Dette gjelder også når det tas hensyn til at sosialhjelpsmottakere har lavere utdanning, lavere inntekt, oftere er enslige og har andre levekårsulemper enn befolkninga ellers. Mannlige langtidsmottakere har 3,7 ganger så høy dødelighet og kvinnelige 2,6 ganger så høy dødelighet som befolkningen ellers.

Bergen kommune 2008, 24

Det er relativt mange som mottok sosialhjelp i Kristiansund kommune. Dette er eitt av dei områda der kommunen har kome spesielt dårleg ut, samanlikna med andre kommunar i fylket. Samstundes har det vore nedgang i tal sosialhjelpstilfelle i perioden 2003-2007 (Halpern 2008). Ser vi på den nye storkommunen, det i gjennomsnitt 3,1 prosent av innbyggjarane over 16 år som er mottakarar av sosialhjelp (mot 4,6 prosent i


³ Dei største utfordringane når det gjeld sosialhjelp er knytt til langtidsmottakarar. Indikatoren som blir brukt her gjeld derimot alle som eit eller anna tidspunkt i 2008 har vore mottakarar av sosialhjelp i Kristiansund. Dermed skil ein ikkje her ut dei sosialhjelpsmottakarane som har dei største utfordringane.

meir enn 10 prosent var mottakarar av sosialhjelp. I tillegg har både Bjerkelund, Frei og Dale færre mottakarar av sosialhjelp enn dei delområda med færrest mottakarar av sosialhjelp i Bergen.



Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Ikkje-vestlege innvandrarak



sentrumområdet, samt dei delane av byen som omkransar sentrum. Kringsjå, Gomalandet, Nordlandet, Kirkelandet sentrum og Vestre bydel ligg alle over gjennomsnittet for byen, der Vestre bydel har høgast del med 6,5 prosent ikkje-vestlege innvandrarak. Innlandet ligg klart lågast av dei sentrumsnære område, med 1,9 prosent. Elles er det også delområda i gamle Frei kommune som har dei lågaste tala.

Samanliknar vi med Bergen, er innslaget av ikkje-vestlege innvandrarak langt mindre i Kristiansund. Registrert to år tidlegare, var 8,8 prosent av befolkninga i Bergen ikkje-vestlege innvandrarak. Det var også langt større forskjellar mellom dei ulike delane av byen i Bergen, enn i Kristiansund. Bergen hadde til dømes to delområde der fleire enn 20 prosent av innbyggjarane er ikkje-vestlege innvandrarak. Det er heile 34 delområde i Bergen som har større innslag av ikkje-vestlege innvandrarak enn Vestre bydel i Kristiansund. Slik sett er det **på dette området ein vesentleg forskjell mellom småbyen Kristiansund og storbyen Bergen.**

Figur3.5 Del av befolkninga som er ikkje-vestlege innvandrarak (1. januar 2009). Prosent.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Innslaget av ikkje-vestlege innvandrarak er størst i dei store byane. Gruppen opplever ein del levekårulemper, mellom anna som resultat av at dei opplever særlege vanskar med å etablere seg på arbeidsmarknaden.


Ikke-vestlige innvandrere er overrepresentert blant personer med lave inntekter, sosialhjelpsmottakere og arbeidsledige. Gruppen har også høyere forekomst av psykiske plager, dårlig tannhelse, enkelte smittsomme sykdommer og diabetes.

Bergen kommune 2008, 26

Ut over dette er det også viktig å merke seg at ikkje-vestlege innvandrarak ikkje er ei einsarta gruppe, og at det er store forskjellar knytt til både forhold som nasjonalitet, kjønn og alder. Prosentvis fordeling av denne gruppa i ulike bydelar er slik sett ikkje noko direkte mål på forskjellar i levekårsutfordringar.


Dei ikkje-vestlege innvandrarakane utgjerk 3,1 prosent av befolkninga i Kristiansund.

Størst innslag frå desse gruppene finn ein i



Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Uføretrygd



Figur3.6 Uføretrygda 16-49 år per 1000 innbyggjarar. (31. desember 2008).

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Omlag 65 % av de nye uførepensjonistene har muskel- og skjelettlidelser eller psykiske lidelser. Denne andelen har vært stabil gjennom flere år. Blant personer over 45 år er muskel- og skjelettlidelser den vanligste årsaken til uførepensjonering, mens blant de under 45 år er psykiske lidelser vanligst.


2/3 av dem som får uføretrygd i ung alder (under ca 30 år) har psykiske lidelser og atferdsforstyrrelser som diagnose. Resten har i hovedsak medfødte tilstander som utviklingshemning og medfødte misdannelser.

Bergen kommune 2008, 36

I alt er det i gjennomsnitt 31,9 uføretrygda i alderen 16-49 år per 1.000 innbyggjarar i Kristiansund. Sjølv om ein tidlegare har kome relativt dårleg ut blant kommunane i Møre og Romsdal, har korkje Kristiansund og spesielt ikkje Frei vore blant dei kommunane som har kome aller dårlegast ut på dette området. I tillegg har registrerte ein betring på dette området i perioden 2004-2007 for gamle Kristiansund kommune (Halpern 2008).


I forhold til dei andre indikatorane, er fordelinga mellom dei ulike delane av kommunen noko annleis når det gjeld uføretrygd. Rett nok har Gomalandet, Nordlandet og Vestre bydel fleire uføretrygda enn dei andre delane av byen, på same måte som at dei også låg på topp når det gjeldt sosialhjelpstilfelle. Gomalandet og Nordlandet ligg desidert høgast i og med at 50,2 og 49,3 per 1.000 innbyggjarar i alderen 16-49 år er uføretrygda i desse områda av byen. Forskjellen er at ein del andre område som skårar dårleg på ein del andre indikatorar, kjem betre ut når det gjeld uføretrygd, i og med at til dømes Kirkelandet sentrum ligg under gjennomsnittet for kommunen.

Samanlikna med tala frå 2006 i Bergen kommune, har Kristiansund ein noko større del av befolkninga i alderen 16-49 år på uføretrygd (Kristiansund 31,9 per 1.000 innbyggjarar, mot 28,3 i Bergen). **Når det gjeld omfanget av uføretrygda er forskjellane mellom dei ulike delområda i Kristiansund nesten like store som mellom dei ulike delområda i Bergen.** Det er berre to delområde i Bergen som har større del av befolkninga på uføretrygd i alderen 16-49 år enn Gomalandet. I det området av Bergen der delen uføretrygda var høgast, var Loddefjord med 58,4 uføretrygda i alderen 16-49 år per 1.000 innbyggjarar. I andre enden av skala låg Teistholmen og Sentrum i Bergen om lag likt.



Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Dødsfallsrater



Figur 3.7 Dødelegheit i alt per 100 000 innbyggjarar. Årsgjennomsnitt 2004-2008. Alders- og kjønnsstandardiserte tal. Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Forskjellar i levekår påverkar dødelegheit i befolkninga. Vi har til dømes alt nemnt at sosialhjelpsmottakarar har større dødelegheit enn andre.


Undersøkelser viser klare forskjeller både i total dødelighet, dødelighet av årsaker som kreft og hjerte- og karsykdom, forventet levealder, forekomst av psykiske problemer og egenrederthelse og i forhold til utdanningslengde, inntekt og type yrke. Bergen kommune 2008, 9

Årlig dør vel 40.000 personer i Norge. De vanligste dødsårsakene er hjerte- og karsykdom og kreft. Dødelighet er en indikator på befolkningens helsetilstand. Bergen kommune 2008, 38

Kristiansund har relativt høg dødelegheit jamført med andre kommunar i Møre og Romsdal. Men også på dette området vart det registrert ei positiv utvikling for gamle Kristiansund kommune i perioden 2003-2006 (Halpern 2008). Ser ein på årsgjennomsnittet for perioden 2004-2008, er dødelegheita i nye Kristiansund kommune på 957 per 100.000 innbyggjarar.


Vestre bydel skil seg kraftig ut frå dei andre områda av Kristiansund med tanke på dødelegheit i den aktuelle perioden, og medverkar til å trekke opp gjennomsnittet monaleg. Det er såleis berre to andre område som ligg over gjennomsnittet for kommunen sett under eitt i tillegg til Vestre bydel, nemleg Kirkelandet sentrum og Nordlandet. Sjølv om utrekningane er baserte på ein periode på fire år, vil tal døde vere relativt lite i kvart delområde i ein så kort periode. Meir "tilfeldige" variasjonar vil kunne slå ut her, noko som gjer at vi ikkje kan sjå vekk frå at forskjellane kunne ha vore mindre om ein hadde vurdert dei same tala for ein lenger tidsperiode enn fire år. Det er såleis grunn til å tolke tala med varsemd, ikkje minst når vi ser så store forskjellar som den figur 3.7 viser.

Kristiansund har større dødelegheit enn Bergen, med eit gjennomsnitt på 957 mot 719 per 100.000 innbyggjarar. **Dei interne forskjellane er også større i Kristiansund enn i Bergen, også om vi ser vekk Vestre bydel.** Både Nordlandet og Kirkelandet sentrum har større dødelegheit enn det området som hadde størst dødelegheit i Bergen, nemleg Loddefjord. Dale og Rensvik hadde derimot lågare dødelegheit enn Godvik, det området i Bergen som kom best ut.



Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Samleindeks for levekårproblem – basert på seks kjenneteikn



Figur 3.8 Samleindeks for levekårproblem basert på seks ulike kjenneteikn for levekårulempen.⁴

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Samleindeksen for dei seks levekårindikatorane, viser at områda Vestre bydel, Nordlandet, Gomalandet og Kirkelandet sentrum kjem relativt sett dårlegast ut. Det er desse områda som har størst opphoping av levekårproblem i Kristiansund, gitt dei indikatorane som ligg til grunn her. Best ut kjem Frei, Dale og Innlandet.

Vestre bydel har relativt mange sosialhjelpstilfelle, høge dødsfallsrater og mange ikkje-vestlege innvandrarak. Området skårar dårleg på fleire levekårsindikatorar, men har samstundes høgare utdanningsnivå enn mange andre delar av Kristiansund (om lag på gjennomsnittet for kommunen for vidaregåande utdanning og noko over gjennomsnittet for høgare utdanningar).

Nordlandet har relativt mange uføretrygda, kombinert med høgare dødsfallrate enn dei fleste andre delområda i byen. Nordlandet kjem dessutan relativt dårleg ut også på dei andre fire indikatorane jamført dei fleste andre delområde.


Gomalandet er det området i Kristiansund som har flest uføretrygda. I tillegg er det relativt mange sosialhjelpstilfelle og relativt mange personar på overgangsstønad i delområdet. Gomalandet har betre skåre med tanke på utdanningsnivå, der området ligg om lag midt på treet blant dei 12 delområda.

Kirkelandet sentrum er eit av dei områda i Kristiansund som har flest ikkje-vestlege innvandrarak. Kirkelandet er også blant dei delområda av Kristiansund som har høgast dødelegheit og lågast utdanningsnivå. Området ligg midt på treet blant delområda både når det gjeld uføretrygda og personar på overgangsstønad.

Teistholmen er det området i Kristiansund der utdanningsnivået er lågast. Teistholmen er det også området i Kristiansund der det er flest personar mottek overgangsstønad. Ut over dette skil ikkje området seg spesielt negativt ut på dei aktuelle indikatorane.

⁴ Samleindeksen er basert på dei seks levekårsindikatorane som er presentert i dette kapitlet. Kvart delområde er rangert frå 1 til 12, alt etter kva plassering ein har på kvar enkelt indikator. Det området som kom best ut på indikatoren er gitt verdien 1, medan det området som kom dårlegast ut er gitt verdien 12. Deretter er alle verdiane slått saman og tala i figuren viser gjennomsnittsplasseringa for kvar delområde. .

Nordre bydel skårar midt på treet på fleire levekårsindikatorane. Den levekårsindikatoren som slår mest negativt ut for Norde bydel er andel uføretrygda. Relativt låg dødelegheit trekkjer i positiv retning.



Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Kringsjå har mange personar på overgangstønad, og er også blant dei fem områda som har flest personar på sosialhjelp og flest ikkje-vestlege innvandrarar. Med tanke på utdanningsnivået er derimot Kringsjå det området som kjem best ut av alle.

Rensvik har relativt mange personar med låg utdanning og relativt mange på uføretrygd. Ut over dette skårar Rensvik betre på dei andre indikatorane enn gjennomsnittet. Rensvik er eitt av dei områda i Kristiansund der dødelegheita er lågast.

Bjerkelund skårar relativt lågt på utdanning. Bjerkelund er derimot det området som har færrest personar på sosialhjelp og færrest personar med ikkje-vestleg bakgrunn i Kristiansund kommune.

Innlandet er jamt over betre plassert enn gjennomsnittet av delområda i Kristiansund på dei fleste levekårsindikatorane. Området har ein del sosialhjelpstilfelle og det er også ein del områder i kommunen som har lågare dødelegheit enn Innlandet. Ut over dette peikar indikatorane i retning av at levekåra er relativt bra i området.

Dale skårar bra på dei fleste av dei seks levekårsindikatorane.

Frei skårar også bra på dei fleste av dei seks levekårsindikatorane.

Gjennomgangen viser klart at det er ein del område i Kristiansund som har klar opphoping av levekårsproblem. Vestre bydel, Nordlandet, Gomalandet og Kirkelandet sentrum kjem dårlegast ut. Sett i forhold til at Kristiansund er ein liten by, er det påfallande at forskjellane mellom bydelane i ein del tilfelle er vel så store som i Bergen.

4. Utfordringar på levekårsområdet

Kartlegginga i førre kapittel peikar i retning av fleire utfordringar knytt til levekårsproblem i Kristiansund. I dette kapitlet vil vi prøve å få eit meir spesifikt bilete av kva utfordringar Kristiansund står over for på levekårsområdet. Her kan vi ikkje basere oss på statistikk. Basis for vurderingane er primært inntrykket dei som arbeider opp mot desse spørsmåla opplever og erfarer, i nokre tilfelle rett nok også med støtte frå konkret talmateriale. Materialet gir grunnlag for å reise spørsmål og hypotesar om forhold som kan vere verdt å vere særleg merksam på. Det er såleis ikkje svar basert på systematiske studiar, men meir tentative svar (jf kapittel 2). I tillegg til dette, trekkjer vi i dette kapitlet inn ein del erfaringar frå andre studiar, som eit perspektiv på dei utfordringane som ein opplever i Kristiansund.

Oppvekstvilkår for barn og unge

Mange forhold kan innverke på eit barn sine oppvekstvilkår. Det kan også vere andre forhold enn oppvekstvilkåra som avgjer om eit barn kjem godt ut av barne- og ungdomsåra. Levekåra til foreldra er likevel sentrale for barn og unge sine oppvekstvilkår.

Barn av einslege forsørgjarar

Av kapittel 3 går det fram at det er mange mottakarar av overgangsstønad i Kristiansund. Kommunen har såleis mange einslege forsørgjarar. Tilbakemeldingane frå nøkkelinformantar peikar også i retning av at ein del av dei einslege forsørgjarar har levekårsutfordringar som har konsekvensar for barna deira.

Er det spesielle utfordringar knytt til enkelte grupper einslege forsørgjarar i Kristiansund?

Tentative svar basert på tilbakemeldingar i intervju, dialogmøte mm:

- Det blir sagt at det er relativt mange einslege forsørgjarar i kommunen med eit perifert forhold til arbeidslivet. Dette gjeld til dels svært unge mødrer, unge foreldre som i verste fall er "av og på" i omsorga. Det kan vere ei utfordring for fleire av desse mødrene at dei har eit avgrensa og svakt sosialt nettverk. Økonomi er ofte ei utfordring for denne gruppa og det er eit klart behov for økonomisk rettleiing. Dei økonomiske problema til foreldra gjer at barna kan oppleve fattigdom.

Frå litteraturen veit vi at einslege foreldre oftare høyrer til blant låglønte. Relativt mange einslege forsørgjarar står utanfor arbeidslivet. At mor har jobb er dermed ei av dei viktigaste forsikringane mot låginntekt. Sannsynet for at barn bur i ein familie med låg inntekt aukar dess yngre foreldra er og dess lågare utdanning foreldra har. Dette gjeld både barn av einslege forsørgjarar og barn i parhushald. Låginntektsdelen er også høgare blant barn av einslege mødrer enn blant barn av einslege fedrar, og høgare blant små barn og barn med innvandrarbakgrunn enn blant store barn og barn utan innvandrarbakgrunn (Statistisk sentralbyrå 2003).

Barn med foreldre som slit med eigne problem

Når hjelpeapparatet møter barn med vanskar, opplever ein at dette heng nøye saman med dei vanskanne foreldra slit med.

Har Kristiansund mykje barnevernsproblematikk?

Tentative svar basert på tilbakemeldingar i intervju, dialogmøte mm:

- Det er ei oppleving av at det er mykje barnevernsproblematikk i kommunen, noko som ein ser att i aukande tal saker, gjerne knytt til unge foreldre og rus. Einslege foreldre med rusproblem og psykisk ustabile foreldre er ein viktig del av dette bilete. Slike vanskar viser att i nedsett omsorgevne hos foreldra.

Dårleg helse i form av psykiske vanskar kan vere belastande for pårørande. Det same gjeld rusproblem. Dersom dei pårørande er barn, er det viktig at dei får den assistansen dei treng. Foreldra si helse er ein viktig del av barns oppvekststressursar. Dersom foreldra har redusert helse, kan dette i seg sjølv utgjere eit levekårsproblem for barna. Dersom ein veks opp med to foreldre og ein av dei har redusert funksjonsevne, treng ikkje dette å vere eit levekårsproblem for desse barna. Veks ein derimot opp med berre ein forelder, og denne forelderen har redusert funksjonsevne, kan dette bety at risikoen for at barnet vert utsett for ressursmanglar aukar (Braathen et.al 2007).

Er det spesielle vanskar som skil seg ut blant barn frå Kristiansund?

Tentative svar basert på tilbakemeldingar i intervju, dialogmøte mm:

- I skulen opplever ein at det er særleg mange barn og unge med behov for særskilt tilrettelagt opplæring. Dette gjeld særleg vanskar som ADHD, autisme og liknande vanskar for gutane sin del og angst, depresjon og liknande vanskar for jentene sin del.
- Blant barn med ein eller to framandspråklege foreldre er det registret vanskar særleg knytt til språkvanskar og manglande integrasjon i førskulealder. Dette er barn som gjerne i liten grad deltek på same arenaer som andre barn, då først og fremst i barnehage
- Vidare opplever ein at relativt mange barn og unge har komplekse utfordringar, mellom anna i form av aukande tal unge med rus og psykiske vanskar. Dette har også kome til uttrykk som auke alvorlege psykiske lidingar blant unge menneske

Fritid og sosial deltaking

Kristiansund kommune har eit mangfaldig fritidstilbod tilrettelagt for barn og unge. Det er likevel ein del grupper som fell utanfor.

Enkelte grupper ser ut til å falle utanfor, trass eit rikt fritidstilbod i byen. Kva grupper gjeld dette?

Tentative svar basert på tilbakemeldingar i intervju, dialogmøte mm:

- Tilbakemeldingane frå nøkkelinformantane peikar i retning av to forhold som gjer at barn og unge fell utanfor tilboda. For det første er det snakk om økonomien til foreldre. Her blir unge einslege mødre med dårleg økonomi trekt fram. For det andre er det snakk om at tilboda er for einseitig retta mot store aktivitetar, som til dømes fotball og ein del kulturaktivitetar.

Stefansen (2004a) viser i ei undersøking at barn frå inntektsfattige familiar deltek i mindre grad i organiserte fritidsaktivitetar. Særleg låg deltaking var det blant dei eldre ikkje-vestlige jentene, og både gutar og jente med ikkje vestlig bakgrunn blant den yngre aldersgruppa. Den delen barn som aldri hadde besøk av venar heime var høgare blant barna frå hushald med låge inntekter, og særleg tydeleg blant barna med ikkje-vestlig bakgrunn og barn som var busett i kommunal bustad.

Ungdom – mellom utdanning og arbeid

Arbeid og utdanning er viktige sosiale arenaer i samfunnet. Dette er også arenaer som i stor grad har funksjon som tryggleiksnett for å hindre marginalisering. Å lukkast i overgangen mellom utdanning og arbeid er vesentleg for å sikre eigne levekår.

Fråfall

Fråfall i vidaregåande opplæring er eit nasjonalt problem, særleg blant elevar som følgjer yrkesfaglege studieprogram.

Er fråfallet i vidaregåande stort blant ungdom frå Kristiansund?

Tentative svar basert på tilbakemeldingar i intervju, dialogmøte mm:

- Det er ei oppleving av at fråfallet i vidaregåande er høgt i Kristiansund, når ein samanliknar seg med resten av fylket. Oppfølgingstenesta har ikkje tal som dokumenterer dette
- Tal frå Oppfølgingstenesta i Kristiansund viser at det tidleg i januar 2010 var 50 ungdomar frå årgangen som var fødte i 1991 som var registrert med fråfall i vidaregåande opplæring. I alt 20 stod heilt utan andre tilbod på det aktuelle tidspunktet. Dei fleste frå dette kullet er på dette tidspunktet inne i det tredje året i eit vidaregåande opplæringsløp. I alt utgjer desse 50 ungdomane 16 prosent av heile 18-årskullet. Erfaringane frå tidlegare viser at fleire sluttar i overgangen mellom januar og februar tredje året i opplæringsløpet, i samband med at terminkarakterane blir gjort kjende

Landsdekkande undersøkingar viser at det er størst fråfall i vidaregåande opplæring blant gutar, blant ungdom med ikkje-vestleg bakgrunn, og blant ungdom på yrkesfaglege studieretningar. Problema rundt ungdommar som droppar ut av skulen er ofte svært samansett. Men det er ei levekårsside ved slike avbrot. Avbrotten skulegang heng ofte saman med at omsorgspersonane skårar lågt på levekårsindikatorar som inntekt, utdanning, arbeidsdeltaking og rus- og/eller psykiatriproblematikk. Under slike forhold er det vanskeleg å konsentrere seg om for eksempel skule. Problem i heimen tek dei unge med seg når dei går ut og skal møte krava i samfunnet (Thrana m.fl. 2009).

Skulemeistring

Fråfall i vidaregåande kan vere knytt til tidlegare skulemeistring.

Fråfall som følgje av manglande basisferdigheiter?

Tentative svar basert på tilbakemeldingar i intervju, dialogmøte mm:

- Frå dei som arbeider med spørsmål om fråfall og skulemeistring i vidaregåande, blir det peikt på dei utfordringane som ligg i at ungdom har manglande basisferdigheiter for å kunne mestre vidaregåande opplæring.
- I tillegg ligg det ei klar utfordring i skulen, både lokalt og nasjonalt, i å gjere skulen meir tilpassa ulike interesser og føresetnader, til dømes i forholdet mellom teoretisk og praktisk opplæring

Sanbæk (2004) sine analysar viser at det er forskjell mellom barn frå inntektsfattige familiar og barn elles når det gjaldt både subjektive mål på skolefaglege prestasjonar og meir objektive mål på skuletilpassing, som det å få spesialundervisning. Resultata er ein indikator på at skulen ikkje fungerer like godt for barn frå familiar som slit med dårleg økonomi og andre levekårsproblem, som for barn frå familiar flest. Haug (2004) peikar på at skulen er best tilpassa ”gjennomsnittsbarnet”.

Studien til Sanbæk (2004) peikar i retning av at barns materielle levekår fargar opplevinga av enkelte sider ved skulekvardagen meir enn andre. Resultata føyar seg inn i eit mønster der skuleerfaringane til barn, særleg knytt til skulen som undervisnings- og læringsarena, er kopla til kjenneteikn ved familien. Skilnader i levekår påverkar derimot i mindre grad korleis barna opplever skulen som sosial arena (Stefansen 2004b).

Utanfor skule og arbeid

Erfaringane frå skulen får også lett konsekvensar i vaksenlivet.

Fråfall blant elevar i vidaregåande aukar risikoen for ein vanskelegare overgang til vaksenlivet. Anna forskning viser det, og erfaringar Kristiansund peikar i same retning:

Tentative svar basert på tilbakemeldingar i intervju, dialogmøte mm:

- Blant dei som droppar ut av vidaregåande opplæring, er det ei gruppe som særleg fell i gjennom. Det er dei som ein korkje greier å fange opp gjennom vidaregåande eller arbeidsliv etter fråfall. Dette er ei gruppe som rett nok ikkje er veldig stor, men der problema for den enkelte kan bli store. Det blir også peikt på spesielle utfordringar knytt til hybelbuarar som fell i denne gruppa.
- Det er rekrutterting blant dei som får problem i skulen til sosialhjelpsmottakarar og til lediggang blant grupper unge i overgangen til vaksenlivet. Det er bekymringsmeldingar på at dette fenomenet er relativt stort og kanskje også aukande i Kristiansund.

Studiar viser at tre av ti elevar droppar ut av vidaregåande opplæring i Noreg. Talet på uføre aukar, og i over halvparten av tilfella skuldast dette psykiske lidningar. Fleire studiar peikar på samanhengen mellom barn og unges oppvekstvilkår og deira status på arbeidsmarknaden som vaksne. Mange av dei som droppar ut av vidaregåande opplæring kjem ikkje vidare i utdanningssystemet. Sjansen for å bli uføretrygda er vesentleg høgare samanlikna med personar som har fullført utdanning. Ei kartlegging viser at det er eit breitt spekter av prosjekt retta mot målgruppa, der ein tek tak i problematikken knytt til overgangen mellom utdanning/studiar og arbeidsliv. Tett individuell oppfølging er viktig saman med tverrfagleg arbeid, individuell tilpassing og tilrettelegging. Av tverrfagleg samarbeid blir særleg samarbeid mellom NAV og skule framheva, der gjerne Oppfølgingstenesta er viktig for å kunne gi ungdom eit heilskaplig og individuelt tilpassa opplegg. Dette kan auke sjansane for at ungdommane går tilbake til skulen eller kjem i arbeidsretta aktivitet. Ei heilskapelig tilnærming og fokus på fleire område i ungdommane sitt liv, som skule, fritid og heim, er viktig for å lykkast. I tillegg er det gode erfaringar med tidlig intervensjon og førebyggjande arbeid (Rambøll 2009).

Ungdomar som avbryt vidaregåande skule og blir verande utanfor arbeidslivet, har oftare andre levekårsproblem, blant anna dårlegare helse, usunne livsvanar og dårleg økonomi (Statistisk sentralbyrå 2007).

Utsette grupper barn og unge i Kristiansund

Samla sett gir kartlegginga i førre kapittel og tilbakemeldingane frå nøkkelinformantar som arbeider inn mot feltet barn og unge, grunn til å setje særleg søkelys på levekåra til barn og unge i Kristiansund.

Det blir påstått at relativt mange tilhører grupper med risiko for å bli utsette for marginaliseringsprosesser:

Sitat frå ein av informantane:

- ”Kristiansund har ein relativt høg prosentdel barn og ungdom med oppvekstvilkår som kan hemme deira utviklingspotensiale og gi ei skeiv utvikling”

Levekårsutfordringar blant vaksne

Når barn og unge opplever levekårsutfordringar, er dette i stor grad knytt til situasjonen til vaksne nærpersonar. Eit stikkord som ofte går att i tilbakemeldingane frå informantane, er sosial arv. I dette ligg det at levekårsproblem hos ein generasjon har tendens gå i arv til neste generasjon.

Er det opphoping av levekårsproblem, ikkje berre geografisk, men også knytt til enkelte grupper?

Tentative svar basert på tilbakemeldingar i intervju, dialogmøte mm:

- Både statistikken og informantane peikar på at der er relativt mange sosialhjelpsmottakarar i kommunen. Det blir opplevd at det er ei opphoping av levekårsproblem blant denne gruppa. Folk blir ståande utanfor samfunnet. Opplevinga er at mange blir langtidsmottakarar av sosialhjelp eller lever på låg inntekt.
- Til dette biletet høyrer også eit relativt høgt innslag av ”tunge” rusmisbrukarar med stor problemtyngde, eit relativt stort narkotikamiljø samstundes som det blir rapportert at kommunen ligg høgt på voldsstatistikken. Opphoping av levekårsproblem knytt til kombinasjon av rus, psykiske vanskar, manglande arbeidstilknytning, låg inntekt og manglande sosiale nettverk blir opplevd som ei utfordring.
- Når det gjeld gruppa ikkje-vestlege innvandrarar og flyktningar i Kristiansund blir det sagt at det er relativt mange som ikkje gjennomfører introduksjonsprogrammet, samtidig som det også er mange som blir sosialhjelpsmottakarar. På same måtar som mange andre stader opplever ein haldningar som gjer det vanskeleg for gruppa å få jobb.
- Kristiansund ligg også over gjennomsnittet når det gjeld tal arbeidslause i Møre og Romsdal. Tala frå september 2009, viser at det berre er fire kommunar som hadde høgare arbeidsløyse enn Kristiansund i Møre og Romsdal. På dette tidspunktet var 3,3 prosent registrert heilt ledige i Kristiansund.⁵

Inntekt

Inntekt er ein vanleg, men ikkje uproblematisk, indikator for måling av levekår. Koplinga mellom inntekt og levekår er komplisert, men inntekt som mål vil kunne ha nære koplingar til andre levekårsindikatorar og innverke på ulike sosiale forhold. Kristiansund er blant dei ti byane i landet der flest har betalingsproblem.

⁵ Kjelde: Statistisk sentralbyrå. Statistikkbanken. Tabell:04471: Registrert ledige ved utgangen av måneden. September 2009.

Indikerer inntektsnivået at Kristiansund har relativt mange som kan oppleve levekårsproblem?

- Det er 8 prosent av hushalda i Kristiansund som hadde samla inntekt på under kr 150.000,- i 2007.⁶ Det er i alt seks andre kommunar i Møre og Romsdal som har ein like stor del hushald med inntekter under kr 150.000,-. Samtidig er det åtte andre kommunar i fylket der ein større del enn 8 prosent av hushalda har tilsvarende låge inntekter. Det er såleis ein del andre kommunar som kjem dårlegare ut enn Kristiansund på denne statistikken. Dette gjeld likevel små kommunar, der til dømes utgifter til bustader jamt over er mindre enn i Kristiansund. Biletet av at relativt mange hushald i Kristiansund har relativt små inntekter, blir ytterlegare forsterka når ein ser at det berre er fire kommunar i fylket som har større del hushald med mindre enn 250.000,- i samla inntekt (24 prosent i Kristiansund i 2007).
- I ei fersk oversikt frå kredittopplysningsbyrået Experian, var Kristiansund blant dei ti byane i landet der flest hadde betalingsproblem. I alt seks prosent av innbyggjarane var registrerte som dårlegare betalalarar i Kristiansund. Rett nok er forskjellane ikkje større enn at tilsvarende tal for Ålesund til dømes var fem og ein halv prosent og fire prosent for Molde.⁷

Låginnteksgrupper

Kontrollert for varierende størrelse på hushald ligg inntekta til innvandrarak etter skatt i landet under eitt klart lågare enn befolkninga elles. Den delen som har låg inntekt slik det blir berekna i EU (60 prosent av medianinntekt) gir ein del med låg inntekt i befolkninga sett under eitt på 10 prosent mot mellom 20 og 60 prosent blant innvandrargruppene.⁸ I noko grad mottek innvandrarakane oftare enkelte sosiale overføringar enn gjennomsnittet i befolkninga. Det gjeld for eksempel sosialhjelp, bustønad og kontantstøtte. For andre stønadsordningar er det liten forskjell (Statistisk sentralbyrå 2008).

Nasjonale tal viser at sysselsettinga blant innvandrarak er svak relativt sett. Finnmark og Møre og Romsdal hadde høgaste delen sysselsette innvandrarak i 4. kvartal 2008, med høvesvis 72,0 og 71,6 prosent. Nordland og Møre og Romsdal var også dei fylka der det var sterkast vekst sysselsettinga blant innvandrarak, med ei auke på høvesvis 2,5 og 2,4 prosentpoeng.⁹

Som vi såg av kapittel 3 er innslaget, i alle fall av ikkje-vestlege innvandrarak, lite i Kristiansund om vi til dømes samanliknar med Bergen. Det er såleis først og fremst andre årsaker til at innslaget av låginnteksgrupper er relativt høgt i Kristiansund.

⁶ Kjelde: Statistisk sentralbyrå. Statistikkbanken. Tabell 07183: Husholdningar, etter størrelse på samlet inntekt 2007.

⁷ http://www.nrk.no/nyheter/distrikt/more_og_romsdal/1.6868677

⁸ www.fafo.no/pub/rapp/442/442.pdf

⁹ <http://www.ssb.no/emner/06/01/innvregsys/>

Fattigdom

Fattigdom eller berre låg inntekt?

Tentative svar basert på tilbakemeldingar i intervju, dialogmøte mm:

- Vi har ikkje opplysningar som kan seie noko direkte om fattigdom i Kristiansund. Det at mange har behov for sosialhjelp og at relativt mange også har låg inntekt, er likevel indikasjonar på at ein del grupper slit med økonomien.

Fattigdom kan målast og definerast på mange ulike måtar. Det vanligaste er å måle inntekt. Då kan ein få alt frå 2 til 13 prosent fattige i Noreg. Men fattigdom kan også bety dårlige levekår og mangel på gode (jf kapittel 1). Sjølv om låg inntekt og levekårsproblem heng tett saman, er dei også to ulike forhold. Det vanskelige forholdet mellom inntektsfattigdom og levekårsfattigdom skuldast at definisjonane har ulike virkemåtar, og at nokre levekårsproblem heng sterkare saman med låge inntekter enn andre forhold. Levekårsfattigdom heng for eksempel meir saman med alder enn inntektsfattigdom, blant anna fordi dei eldste er meir utsett for kronisk sjukdom og sosial eksklusjon. Om ein ser på utsette grupper i sosial samanheng, er mottakarar av sosialhjelp og minstepensjonistar som bur aleine blant desse. Også enkelte innvandrargruppering er relativt utsett for begge typar fattigdom. Både inntektsfattigdom og levekårsfattigdom viser også nokså klar samanheng med yrkesaktivitet og bustad. Pensjonistar er meir utsett for levekårsfattigdom enn inntektsfattigdom. Det kan virke som om låg inntekt i større grad fangar opp grupper som har problem direkte knytt til økonomi, og i mindre grad til sosial eksklusjon og helse (Statistisk sentralbyrå 2009).

Eldre

Dei tilbakemeldingane som kjem frå dei gruppene som arbeider med eldre i Kristiansund, er knytt til forhold som gjeld levekårsfattigdom, ikkje inntektsfattigdom.

Har eldre i Kristiansund spesielle levekårsutfordringar?

Tentative svar basert på tilbakemeldingar i intervju, dialogmøte mm:

- Det er sagt at ein har relativt mange einsame eldre, særleg mange einslege og einsame eldre kvinner
- Det er sagt at det er også relativt mange med psykiske problem blant eldre i byen
- Manglande nettverk er ein viktig del av biletet når det gjeld utfordringane mange eldre opplever på levekårsområdet, mellom anna mange som opplever at alle barna har flytta frå byen og foreldre manglar slekt rundt seg når dei blir aleine

Sjølv om eldre har vore tematisert i intervju og på dialogmøtet i Kristiansund, er det relativt få av informantane som har problematisert levekårs situasjonen til dei eldre. Det er likevel trekk ved den demografiske situasjonen i Kristiansund som gjer at situasjonen for dei eldre kan vere noko annleis enn for eksempel i Ålesund og Molde. Dette heng saman med at fleire unge flyttar frå byen utan å vende tilbake. Om vi ser på flyttemønsteret for kulla fødte i perioden 1955-64, har Kristiansund/Frei i mindre grad enn Ålesund og Molde greidd å halde på eigen ungdom når desse har vore gjennom dei flyttesteprosessane som ligg fram til vaksenetablering (Båtevik 2002, 21–28). Dette gjeld i særleg grad menn. Medan 47 prosent av mennene som var fødte i 1955-59 frå Kristiansund/ Frei hadde busett seg i ein annan kommune enn eigen oppvekstkommune, var tilsvarande tal for Ålesund/Sula 39 prosent. Slike forhold underbyggjar påstanden om at fleire eldre i Kristiansund kan ha eit svakare familienettverk enn kva som er tilfelle i liknande bykommunar.

Sosial arv

Eit stikkord som ofte går att når informantane skal snakke om levekårsproblem i Kristiansund, er sosial arv. Kristiansund har tradisjonelt vore prega av overklassetradisjonar knytt til eit handelspatrisiat og større klasseskilje enn i Molde og Ålesund (Løseth 1996, 75). Byen har også hatt eit næringsliv som har vore prega av strukturelle kriser og påfølgjande arbeidsløyse.

Slike forhold kan ha vore med til å skape sosiale vanskar som ikkje berre er knytte til ein generasjon, men som også får karakter av sosial arv. Med sosial arv forstår vi eigenskapar som blir overført frå ein generasjon til den neste ut over dei reint genetiske (Statistisk sentralbyrå 2009). Det er snakk om arv av kunnskap, grunnlag for karriere og økonomisk posisjon. Slik arv er resultat både av påverknad frå foreldre og av andre samanhengar kvar enkelt inngår i gjennom oppveksten. Det er ei uttrykt oppleving av at dette er fenomen som er med på å påverke levekårsituasjonen for enkelte utsette grupper i Kristiansund.

Påstanden om at sosial arv pregar levekårsituasjonen i Kristiansund, kan framleis vere gyldig. Nokre tilbakemeldingar frå nøkkelinformantane peikar i ein slik retning.

Tentative svar basert på tilbakemeldingar i intervju, dialogmøte mm:

- Tidlegare fattigdom pregar framleis levekåra i byen
- Levekårsproblem går i arv frå generasjon til generasjon, sjølv om det også blir understreka at dette "meir tendensar enn klare bilete"
- Byen har såleis ei historie som ikkje heilt har sleppt taket

Levekårundersøkinga frå 2005 (Statistisk sentralbyrå 2009) viser at foreldra si utdanning, yrke og evne til å handtere eigen økonomi har mykje å seie for barna si meistring på same område. Barn som veks opp i hushald med økonomiske problem får det oftare vanskeleg med eigen økonomi når dei blir vaksne. Tal frå denne levekårundersøkinga viser at langt fleire av dei som har opplevd problem i oppveksten også melder om liknande problem i vaksen alder. Ein vesentleg større del av dei som har hatt foreldre med økonomiske problem, har i vaksen alder avstått frå gode som for eksempel tannlegebehandling, ferie, kjøtmåltid, samt varige forbruksgode som TV og vaskemaskin av økonomiske årsaker. Dei har også i større grad problem med å betale regelmessige utgifter knytt til bustad, slik som strøm, husleige og bustadlån.

Detter gjeld også om ein kontrollerer for andre bakgrunnsvariablar, for eksempel inntekt. Det vil seie at det ser ut til vere ein direkte samheng mellom foreldre og barns evne til å skjotte sin personlege økonomi. Det er vidare også ein klar samheng mellom foreldre og barns utdanningsnivå. Dess høgare utdanning far eller mor har, dess høgare utdanning har barna. Levekårundersøkinga (Statistisk sentralbyrå 2009) viser også at det er ein tydelig samheng mellom foreldre og barns val av yrke, og det er ein klar tendens til at yrker med høg status overføres mellom generasjonar.

Geografisk opphoping av levekårsvanskar

Kartlegginga i kapittel 3 peikar i retning av at levekårsvanskar i Kristiansund i større grad er knytt til somme område enn andre. Ein del av informantane opplever også at ein del vanskar har ein tendens til å hope seg opp i enkelte delar av byen, medan andre ikkje opplever at dette bilete er like tydeleg.

Er den geografiske opphopinga av levekårsvanskar syneleg?

Tentative svar basert på tilbakemeldingar i intervju, dialogmøte mm:

- Enkelte bydelar har "gettotendensar" knytt til kommunale bustader og det er også enkelte strog i byen der det er knytt stigma til
- Enkelte brukargrupper hos hjelpeapparatet er overrepresenterte i enkelte delar av byen. Dette kan handle om at vanskarane er større i enkelte delar av byen enn andre, men også vere uttrykk for ulike terskel for å oppsøke hjelp blant befolkninga i ulike område
- Konkrete område med opphoping av levekårsvanskar som har vore trekt fram av informantane er: Øvre bydel, Gomalandet - Freiveien, Nordlandet - Dalegata, Tollåsenga, Myraområdet
- Det er likevel ei allmenn oppleving av at levekårsvanskar på det jamne i liten grad er synlege i bybilete

Slike geografiske opphopingar av levekårsvanskar kan mellom anna vere knytt til forhold på bustadmarknaden. Kristiansund kommune har til dømes eit høgt innslag av kommunale bustader, og ein del av den geografiske opphopinga av levekårsvanskar i byen ser ut til å vere knytt til ein del av desse bustadane. Dei områda som er nemnde ligg alle sentrumsnært og i delområde der kartlegginga også viser at levekårproblema har vore større enn andre stader i kommunen.

Bustad som verktøy for sosial utjamning?

Å bu trygt, stabilt og godt er rekna som eit viktig utgangspunkt for deltaking i samfunnslivet. Ein god bustad er ein føresetnad for eit godt og meningsfylt liv, og det er derfor viktig at alle har ein bustad som tilfredstillar behova deira (St.meld. nr 23, 2003-2004).

Ei undersøking i sju kommunar utført av Fafo (Skog Hansen m fl 2008), tyder på at det er brei tilslutning til den nasjonale fattigdomsstrategien. Kommunane ser for eksempel på framskaffing av bustad og arbeid som meir effektfulle grep for kommunane enn sosialhjelp. Mange oppfattar stigande bustadprisar som ei fattigdomsfelle, men manglar gjerne gode verktøy for å motverke dette.

Bustaden som sosial miljøfaktor

Vanskelege buforhold har konsekvensar for levekåra både for barn og vaksne. Det kan vere vanskeleg for barn å delta og å utvikle seg om familien er avhengig av ein usikker leigemarknad eller er busett i kommunale utleigebustadar med dårleg standard. Barn som ikkje vågar å ta med venar heim fordi dei bur dårleg, kan utvikle ei kjensle av å vere sosialt mislykka noko som kan gjere det vanskeleg å leve vanlege sosiale liv. For vaksne kan det å leve i fattigdom og ha ein dårleg busituasjon gå greitt ei stund. Barn som opplever periodar med fattigdom kombinert med dårleg bustadsituasjon, vil sannsynlegvis leve med konsekvensane av dette heile livet i følgje forskar Karin Gustavsen ved Telemarksforskning.¹⁰ I eit slikt perspektiv kan satsing på bustadar vere førebyggjande på både levekårs- og helseproblem i vaksen alder.

Bustadstandard og geografisk segregering

I velferdspolitikken har det vore eit sterkt fokus på gode og trygge bustadar, og på kva effekt dei kan ha på den enkelte sine levekår (Gulbrandsen 2006, Skog Hansen m fl 2008). Dess høgare inntekter eit

¹⁰ Henta frå følgjande web-side 21.10.09:

<http://husbanken.no/Venstremeny/Vanskeligstilte%20paa%20boligmarkedet/fattige.aspx>

hushald har, dess fleire eig eigen bustad.¹¹ Låge inntekter gir fleire leigetakarar, og leigetakarar har jamt over dårlegare bustandard enn dei som eige bustaden dei bur i.

Bustadstandard og type bustadar er ofte knytt til ulike bustadmiljø. Bustadmiljø har også en geografisk dimensjon, for eksempel knytt til segregert busetting. Segregering er mishøve i busettingsmønsteret innanfor ein kommune der ulike grupper med ulik sosial status er konsentrert til bestemte geografiske område. Ofte er kommunale bustadar konsentrerte i bustadkompleks prega av dårleg fysisk standard. Standarden i seg sjølv er kanskje ikkje det største problemet, men konsentrasjonen og den lokale historia til bustadkompleksa kan ha negative assosiasjonar knytt til seg. Bustadmiljø, som i utgangspunktet er stigmatiserte, er med på å *produsere* og *reprodusere* forventningar om at dei som er busett der er "hjelpetrengande" og har "låg status". Bustadsituasjonen handlar såleis ikkje berre om faktiske levekår, men også om opplevd livskvalitet.

Levekårsproblem – ei helseutfordring?

Helseproblem fell ofte saman med andre levekårsproblem. Dårlig helse kan dermed være ein konsekvens og ei årsak til at ein har avgrensa høve og ressursar i kvardagen (Braathen m fl 2007).

Skaper levekårsutfordringane særlege helsevanskar for enkelte grupper i Kristiansund?

Tentative svar basert på tilbakemeldingar i intervju, dialogmøte mm:

- For det første har Kristiansund relativt høg dødelegheit, og variasjonane i dødelegheit ser ut å følge utfalla på ein del andre levekårsindikatorar.
- I tillegg blir det meldt om ei oppleving av at ein har ein relativt høg andel av befolkninga med langvarig psykisk sjukdom.
- Omfanget av livsstilssjukdomar blir også nemnt som ei utfordring for Kristiansund, utan at vi har grunnlag for å seie noko om kommunen kjem vesentleg verre ut på dette området enn andre kommunar
- I tillegg viser tilbakemeldingane frå informantane i Kristiansund at ein del av levekårsutfordringane er knytt til einslege, ikkje minst einslege foreldre

Sosial ulikskap i helse og dødelegheit

Frå 1970-tallet til midten av 1990-tallet fall dødelegheita for folk i landet sett under eitt med utdanning ut over ungdomskulenivå og for dei med inntekt over gjennomsnittet, mens dødelegheita endra seg lite blant grupper med låg utdanning, låg inntekt og blant einslege. Dette resulterte i auka forskjell i dødelegheit etter utdanningslengde, inntektsnivå og mellom einslege og sambuande. Ulikskapen i dødelegheita etter utdanningsnivå auka vedvarande frå midten av 1990-talet og fram til 2003. For kvinner auka ulikskapen også etter inntektsnivå. Gapet i dødsfallsrater mellom fattige og ikkje-fattige blei større for begge kjønn. I 1995, 1998 og 2002 var det ein større del som vurderte helsa si som svært god blant dei med universitet eller høgskuleutdanning i forhold til dei med kortare utdanning. Det same mønsteret blei funnet for inntekt.

Norske studiar har til dømes dokumentert at sosial ulikskap har innverknad på sannsynet for å overleve ulike former for kreft. Dette kan tyde på at tilgang på helsetenester er knytt til sosial status. Eit anna funn som også tydar på det same, er at forbruk av allmennlege- og spesialisthelsetenesta også er avhengig av sosial status.

¹¹ Henta frå følgande web-side 21.10.09: <http://www.ssb.no/bo/main.html>

Psykiske helse

Psykiske plager rammar barn og unge, og særleg utsett er barn av foreldre med ikkje-vestleg minoritetsbakgrunn, barn av einslege forsørgjarar, barn av foreldre som er voldeleg, barn av foreldre med rusproblem og barn av foreldre med psykiske lidningar. I tillegg er andelen barn av deprimerede mødrer sosialt skeivfordelt. Hos vaksne gir vanskelege levekår auka risiko for å utvikle vanlege psykiske lidningar, slik som angst og depresjon, som er ei av hovudårsakene til uføretrygd. Samanfall mellom psykiske lidningar og sosioøkonomisk posisjon varierar med diagnose, og det er noko uvisst i kor stor utstrekning dei sosioøkonomiske forholda er risikofaktorar eller snarare konsekvensar av psykiske lidningar. Levekårsproblem gir likevel tydeleg auka risiko for å utvikle dei mest vanlege psykiske lidningane. Norske data viser stor overhyppigheit av psykiske plager og bruk av medikament mot psykiske lidningar blant grupper med låg sosioøkonomisk posisjon og blant einslege.

Helsa til einslege

Dei som er gift eller lever i sambuarforhold har betre psykisk og fysisk helse enn single. Spesielt skilte og enke/enkemenn har meir depresjon og angst, og høgare dødelegheit. Dette kan skuldast at ekteskap og samboarforhold gir sosial støtte, og at gifte og sambuarar har mindre økonomiske problem enn einslege. Skilsmisse tredoblar risikoen for å bli langvarig arbeidsufør. Når den delen av befolkninga som er einslege og skilte held fram å stige, kan det medverke til større helseproblem i befolkninga. Aukande del einslege og skilte kan også gi større sosial ulikskap i helse.

Levekårsutfordringane sett i perspektiv

Det har lenge vore ei uttalt oppleving av levekårsutfordringane i Kristiansund har vore større enn i mange andre kommunar, både i Møre og Romsdal og elles i landet. Det biletet som blir teikna i kapittel 3 og 4 understrekar at dette framleis er tilfelle. Sjølv om ein gjennom kartlegginga av forskjellar mellom ulike delar av byen berre fangar opp delar av fenomenet, er det grunn til å tolke resultatata som utslag av underliggande forhold. Dette blir ytterlegare understreka av inntrykka frå dei intervjuja og det dialogmøtet som har vore gjennomført som oppfølging av kartlegginga.

Samtidig skal det understrekast at det som er registrert, dreiar seg om universelle levekårsproblem. Det er problem som vil vere meir eller mindre synelege i alle kommunar. Det som gjer det verdt å stoppe spesielt opp med fenomenet i Kristiansund, er at omfanget p fleire av utfordringar synes å vere større og meir syneleg enn mange andre stader. I tillegg er det også verdt å understreke at det til dels er store forskjellar mellom ulike delar av kommunen. I enkelte tilfelle er desse forskjellane like store eller endåtil større enn i byar som er langt større enn Kristiansund. Samanlikning med levekårs situasjonen i Bergen viser dette.

Så lenge det klare indikasjonar på at problema er større i Kristiansund enn mange andre kommunar, anten dei er større eller mindre, fordrar dette også særleg merksemd om spørsmål som har med levekår å gjere.

Når dette er sagt, er det også grunn til understreke at dei trekka som peikar i retning av ei positiv utvikling i levekåra for Kristiansund. Dette kjem for det første til uttrykk i dei målingane som har vore gjort på fleire levekårindikatorar i løpet av fleire år (Halpern 2008).

Ser vi teikn til styrking av levekårsituasjonen i Kristiansund?

Tentative svar basert på tilbakemeldingar i intervju, dialogmøte mm:

- Første punkt her er at ein faktisk har registrert positive endringar på levekårindikatorar
- Det er ei oppleving av at ein har teke til å arbeide med å kome vekk frå ”elendigheitsstempelet”
- Det er også ei oppleving av at konsekvensane av sosial arv er mindre tydeleg i dag enn tidlegare
- Blant dei som arbeider på området ser ein at det har vore ein nedgang i mottakarar av sosialhjelp som følgje av ei ekstra satsing på feltet frå 1996 og utover
- Det blir meldt om at ein ser ei endring i haldningane til å gripe tak i problema, for eksempel det bustadsosiale arbeidet
- Det er ei oppleving av at opphoping av levekårsproblem i enkelte bydelar var større tidlegare enn no. Det blir sagt at det har vorte vanskelegare å peike ut slike område. Dette blir sett i samband med bustadsosiale tiltak med rehabilitering av kommunale bustader
- ”Fasaden” til byen er endra – ein meir ”depressiv stemning” var mykje meir synleg før. Også dette blir sett i samband med rehabilitering av kommunale bustader
- Det blir også peikt på at det har vore ei positiv utvikling på voldsstatistikken

Om ein ser levekårsituasjonen i Kristiansund i eit enno større perspektiv, er det naturleg å sjå på dei utviklingstrekk som har prega byen. Det blir mellom anna sagt at omstillinga til kunnskapssamfunnet har vore særleg tung for byen (Larsen 2007). Eldre industri forsvann, først fiskeforedling og seinare skipsindustrien. Det var nedgang i mange næringar, samtidig tok det tid før nye næringar kom inn i stort nok omfang til å erstatte dei gamle. Dette gav lange periodar prega av høg arbeidsløyse, noko som mellom anna gjorde at mange unge vaksne fekk problem med å etablere seg på arbeidsmarknaden (Wågø 2004).

Når ein dei siste åra har sett ei klar vitalisering av næringslivet, det Larsen (2007) kallar det store hamskiftet, kan det også påverke levekåra i byen. Byen opplever vekst, ikkje berre i oljenæringa, men også i kompetansekreivjande industri til dømes innan marin og maritim sektor. Samsundes er grunnlaget for at Kristiansund skal utvikle seg til eit regionsenter styrka gjennom store kommunikasjonsmessige endringar. Det er nærliggande å sjå endringane i levekårsituasjonen dei seinare åra i samband med desse endringane. Fornying og styrking av næringslivet skapar både etterspurnad etter ein ny type arbeidskraft og gir fleire tilgang til arbeid.

Det blir også formidla eit inntrykk av at ein er medvitne om at ein har ein del særlege utfordringar på levekårområdet, og at det også er sett i verk konkrete tiltak for å møte desse utfordringane. Det har vore ei medviten politisk satsing på opprusting av byen. Eit av område der det har vore sett inn innsats er bustadbygging, der det har vore ei målretta satsing på å legge til rette for bustader til vanskelegstilte grupper. Det er også ei oppleving at kommunen i staden for å feie levekårproblema under teppet, har valt å gripe tak i desse. Det er derimot ulike oppfatningar om kor høgt desse problema blir prioritert, til dømes i samanlikning med spørsmål som gjeld næringsutvikling og kommunikasjonar, noko som det mellom anna vart gitt uttrykk for på dialogmøtet som vart gjennomført hausten 2009 (jf kapittel 2).

Når det likevel er eit stykke å gå før ein har fått ”normalisert” situasjonen for levekåra i Kristiansund, kan det vere fleire grunnar til dette. Det er truleg eit moment som kan vere særleg viktig. Det gjeld temaet sosial arv. Slike mekanismar kan gjere at ein dreg med seg utfordringar som er skapte under andre forhold over i ei ny tid. Det vil derfor etter alt å dømme vere viktig å ha eit særleg fokus mot barn og unge, når ein skal arbeide vidare med levekårsutfordringar i Kristiansund framover.

5. Veggen vidare

Veggen vidare krev såleis eit særskilt **blikk på situasjonen blant barn og unge** i Kristiansund. Skal ein tenkje på ei langsiktig endringa av levekårs situasjonen, er dette eit naturleg utgangspunkt for vidare arbeid. Det er fleire tilbakemeldingar som peikar nettopp i ein slik retning. Vi har sett at det er ei bekymring for at relativt mange barn og unge har ein oppvekst som kan påverke deira utviklingspotensiale og gi den enkelte ei skeiv utvikling. Konkret blir utfordringane opplevd gjennom **relativt mange barnevernssaker**, mellom anna saker med **unge foreldre der rus og psykiatri** kan vere ein del av biletet. Også innslaget av **unge mødrer med svake sosiale nettverk, svak tilknytning til arbeidslivet** er ein del av dette biletet. Biletet blir ytterlegare forsterka ved at ein i skulen for det første registrerer ein **relativt stor del barn og unge med behov for særskilt tilrettelegging**, og for det andre opplever at **fråfallet i vidaregåande også er relativt høgt**.

For barn og unge i risikosona for atferdsproblem og fråfall i skule og arbeid, er **tidlig innsats, tilrettelegging og førebygging** i barnehage og skule fellesnemnaren for behovet på tilbodssida. Blant anna er oppfølgingstilbod i overgangen mellom ulike skulenivå og i overgangen frå skule til arbeid framheva. Tilbod for dei som fell utanfor skulen, eksempelvis gjennom alternative opplæringsarenaer og arbeidstilbod, samt større grad av tiltak gjennom samarbeid mellom skule, kommune og næringsliv er også vektlagt. Dei nasjonale føringane som blir lagt for skulen, legg premisser for det som skjer lokalt, til dømes i forhold til ein dominerande trend knytt til at teoretisk tilnærming er veggen til læring. Samtidig vil det alltid vere rom for lokal og individuell tilpassing i eksisterande læreplanar, om ein ønskjer å utnytte dette.

Situasjonen per i dag er at ein i Kristiansund har sett i gang fleire tiltak, der barn og unge er blant målgruppene. Fleire av tiltaka som er sett i gang får også **gode tilbakemeldingar** (sjå også eige appendiks sist i rapporten med nærare omtale av desse tiltaka). *Oasen Kreative senter, Oasen LAVO, Basisteamet og Levande Vågen* er trekt fram gode tiltak for å fange opp ungdom i risikosona for problem og fråfall frå skule og arbeid. *Familieteamet* og *NAV's Ungdomsteam* er også nemnt som gode tiltak for denne gruppa. Familieteamet er eit psykososialt helseteam som driv sekundærførebyggande tiltak, og ungdomsteamet til NAV er eit nytt tiltak som det er knytt store forventningar til i forhold til å gi ungdom eit tettare, betre og meir heilskapeleg tilbod innanfor NAV-tenesta.

Ser ein på tiltak som blir etterlyste på området barn og unge blant deltakarane på dialogmøtet og i intervjuet, gjeld dette for det første behovet for å kunne kome tidlegare i inngrep med barn som har risiko for å utvikle problem. Det er mellom anna gitt uttrykk for at ein i større grad enn i dag tenkjer tiltak alt i barnehagealder. Det kan dreie seg om å trekke meir aktivt på barnehagen. Det kan også vere spørsmål om å **styrke omsorgsevna til foreldra**. Ulike dagtilbod baserte på låge kostnader for barna og utdanningstilbod for dei vaksne, er tiltak som har vore drøfta. Familiens hus er eit tiltak som svært mange skulle sett realisert, det vil seie eit heilskapeleg og koordinert tilbod med breidde i kompetansen til å møte familiar med ulike og samansette problem. Det handlar om å sjå utfordringane til barn og unge i risikogrupperne som ein del av det behovet for hjelp og støtte som familien sett under eitt har.

Oppfølgingstenesta er eit viktig koordinerande ledd i arbeidet med ungdom. Tenesta er van med samarbeid både med det offentlege hjelpeapparatet og næringslivet. Gjennom å styrke oppfølgingstenesta, kan ein også sikre betre samordning og koordinering i forhold til utsette grupper. Men det er etter alt å døme også behov for sterkare samordning av arbeidet opp mot dei som er yngre enn dei som tilhøyrer dei primære målgruppene til oppfølgingstenesta.

I forhold til å løse komplekse utfordringar, er **samarbeid på tvers av sektorar** ein nødvendig føresetnad. Det er gjerne utfordrande å få til slikt samarbeid. Tilbakemeldingane frå Barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk i Kristiansund, som har ansvar for kommunane elles i regionen, var til dømes at det å få til samarbeid på tvers av sektorane er særleg utfordrande i Kristiansund samanlikna med kva som var tilfelle i dei omkringliggende kommunane. Det første ein må gripe tak i, er å identifisere nærare kvar samordningsproblema ligg, for så å bygge nye relasjonar for å bøte på dette.

Eit rikt tilbud på kultur- og fritidsaktivitetar blir opplevd som ein klar styrke ved Kristiansund. Dette kjem ikkje minst barn og unge til gode. Det er likevel ei oppfatning av at det er klare utfordringar knytt til grupper som fell utanfor. Desse gruppene fell ofte utanfor på andre arenaer også. Det er knytt utfordringar til at **fritidstilbodet er for kostbart for ein del familiar**. Mange av barna har heller ikkje høve til å delta grunna manglande ressursar til oppfølging frå foreldra. Dette er eit område der konkrete løysingar har vore prøvd ut andre stader. Eit tiltak kan vere at skulane etablerer utstyrsloopar der barn og unge kan låne utstyr i tilknytning til ulike arrangement. Det er også eksempel på at frivillige organisasjonar på ulike måtar legg til rette for gratis aktivitetar (Sandbæk 2008). Ordningar med eit eige opplevingskort for barn og unge i Ålesund, er eit anna tiltak i same gate.¹²

Sjølv om vi her særleg har trekt fram utfordringane i forhold til barn og unge, peikar tilbakemeldingane i retning av at fleire grupper slit meir enn vanleg med levekårsproblem i Kristiansund. Innslaget av tunge brukargrupper i forhold til hjelpeapparatet, knytt til rus og psykiatri, var til dømes eit tema på dialogmøtet hausten 2009. Forprosjektet femner vidt, og situasjonen til mange grupper blir omtala. I kapittel 4 er ei lang rekke tema teke opp. Funna som blir presenterte er tentative. Det er derfor behov for å gå inn i fleire av desse funna, både med tanke på å få ein betre dokumentasjon på situasjonen, for å kunne seie meir om i kva grad og på kva måte situasjonen i Kristiansund eventuelt skil seg frå situasjonen i andre kommunar det er naturleg å samanlikne med, samt for å kunne få betre forståing av kva som ligg til grunn for situasjonen. Dette krev meir forskning på levekårsproblem i Kristiansund.

Levekårs spørsmål bør også sjåast i samanheng med samfunnsutvikling i breiare samanheng. På dialogmøtet var til dømes utdanningstilbodet i Kristiansund eit sentralt tema. Tanken er at dersom ein i større grad legg til rette for utviklinga av kompetansebaserte næringar, vil ein også ha eit meir robust samfunn i forhold til å det å kunne møte levekårsutfordringar. Ein kan betre sikre seg mot slike strukturelle kriser på arbeidsmarknaden som tidlegare har gjort byen sårbar, noko som etter alt å dømme har vore ei viktig årsak til levekårsutfordringane i Kristiansund har vore større enn mange andre stader.

På vegen mot kunnskapssamfunnet, har høgskuletilbodet i Kristiansund vore eit heitt tema. Byen har ikkje eigen høgskule, men eit eige høgskulesenter. I ei fersk evaluering av dette senteret, blir det konkludert at dette senteret bør vidareutviklast som eit marknadstilpassa vidareutdanningscenter (Bye og Haugum 2009). Tanken er såleis at behova i regionen bør stå sterkt når ein planlegg nye utdanningstilbod. Ei side ved dette er dei behova som næringsliv og privat sektor har. Ei anna side ved dette er dei behova som ein har i offentleg sektor. Sett i forhold til dei levekårsutfordringane som ein har i byen, er dette eit tema der behova klart er til stades, kanskje også i forhold til vidareutdanning. Gjennom å legge til rette for slike utdanningar, vil ein i tillegg til dømes kunne legge til rette for å organisere forskingsarbeid der ein følgjer opp spørsmål og problemstillingar som er reiste i denne rapporten.

Skal vi trekkje på dei erfaringane frå kartlegginga, intervju og erfaringane som er henta inn gjennom dialogmøtet i forprosjektet, er det ikkje nok å rette blikket mot dei overordna utfordringane. I tillegg er det viktig å starte opp arbeidet med dei konkrete utfordringane. Det er snakk om tiltak for **barn og unge** som står i risiko for å bli utsette for marginaliseringsprosessar, andre grupper som treng særleg oppfølging, samt særleg fokus på delar av byen som har større levekårsutfordringar enn andre (tendensar til **geografisk opphoping av levekårsproblem**).

¹² Leiar i Sunnmørsposten 14. januar 2010.


Ein av dei viktigaste erfaringane frå forprosjektet er den forståinga Kristiansund som samfunn har for dei utfordringane ein står overfor og dei konsekvensane desse utfordringane har for den enkelte og lokalsamfunnet som heilskap. Dette kom ikkje minst til uttrykk på dialogmøtet som samla folk frå mange delar av samfunnslivet i kommunen. **Forståing for kva utfordringar ein faktisk har**, er heilt grunnleggjande om ein ønskjer endring. **Legitimitet for levekårarbeidet** både administrativt og politisk i kommunen, men også blant andre offentlige aktørar, frivillige, næringsliv og lokalbefolkning er ein viktig føresetnad for vidare arbeid. Så er det viktig at det med utgangspunkt i dette er vilje til å prioritere feltet, både frå lokalt og nasjonalt hald.

Når ein Kristiansund opplever at ein har levekårutfordringar, er det primært offentleg sektor som er sett til å gjere reparasjonsarbeidet. Levekårutfordringane er derimot ikkje noko som berre vedkjem offentleg sektor, men noko som også vedkjem heile lokalsamfunnet. Spørsmålet er korleis lokalsamfunnet møter desse utfordringane. Evna til å møte slike utfordringar handlar i følgje Patsy Healey (1997) om å integrere sentrale personar frå det offentlige, næringslivet og det sivile samfunn på ein måte som gjer at "alle gode krefter" kan samlast og dra i flokk. Slik evne til å mobilisere blir kalla institusjonell kapital eller kapabilitet. Healey m fl (1999) deler dette omgrepet i tre, der responsen frå lokalsamfunnet då er avhengig både av kunnskapsressursar, relasjonsressursar og mobiliseringsevne.

Kunnskapsressursane representerer den samla kunnskapen som er representerte i eit område, både den formelle og den tause kunnskapen. Aktørane, anten dei er representantar frå lokalbefolkninga generelt, representantar frå lokale lag og organisasjonar, næringslivsrepresentantar, sit med ulik kunnskap. Relasjonsressursane representerer dei nettverka, arenaer, aktive deltakarar osv som er tilgjengelege for samhandling. Mobiliseringsevna handlar om evna til å ta i bruk tilgjengelege kunnskapsressursar og relasjonsressursar i forhold til aktuelle utfordringar, for å kunne møte desse (Stör 1990). Den evna eit lokalsamfunn har til å møte nye utfordringar vil såleis vere eit resultat av samspelet mellom ulike aktørar lokalt og den evna dei har både til å utnytte egne ressursar, kople desse saman og å bygge på dei relasjonane som ein har å spele på utanfor eige lokalsamfunn. I eit slikt samspel vil både offentleg verksemd, privat næringsliv og det sivile samfunnet vere viktige partar (jf figur 5.1).

Konkret kan dette handle om det samspelet ein får til mellom lokale aktørar som politikarar og administrasjon i kommunen, næringsliv og representantar for lokalsamfunnet elles. Utvikling krev såleis i følgje Bennett og McCoshan (1993) at dei ulike partane i dette nettverket reagerer samordna, at utfordringane blir møtt med ein heilskapleg respons. Resultata er avhengig av korleis samfunnet greier å utvikle sine evner til å reagere på slike utfordringar, dvs. ei kapabilitetsutvikling som fører til betre respons og dermed betre resultat. Behova for at ulike delar av samfunnssystema reagerer samordna vert stadig større slik Bennett og McCoshan ser det.

Det er ein sentral tese innan kommunikativ planlegging og samfunnsutvikling at ei endring i ei meir dynamisk retning krev forbetring av den regionale kapabiliteten til samfunn, dvs. at kunnskapsressursane, relasjonsressursane og mobiliseringsevna må styrkast (Healey 1999). Nye relasjonar må byggast og gamle må styrkast. Gjennom samarbeid, samtale og tillitsskaping skal ein kunne få ei meir positiv samfunnsutvikling (Storper 1997). Dialogmøtet i Kristiansund var ein start i så måte.



Figur 5.1 Modell for regional kapabilitet (Amdam 2003)

Amdam (2003) legg vekt på at god kommunikasjon mellom offentleg sektor, næringsliv og det sivile samfunn er ein føresetnad for å bygge kapasitet for å møte regionale utfordringar. Han seier at:

The establishment and development of regional innovation systems requires certain conditions to be met. There needs to be an active business and industry with a high degree of co-location and cooperation, plus an active cooperation between various actors and organisations with competence in the field of developing and dispersing knowledge. (2003:441)

Samarbeid, mobilisering og nettverksbygging mellom aktørar er såleis viktige element i eit slikt perspektiv på utvikling. Det handlar både om å legge til rette for nye relasjonar og styrke gamle.

Dialogmøtet mobiliserte eit breitt utval av aktørar frå både offentleg, privat og frivillig sektor. Den store oppslutninga om dialogmøtet er ein indikator på at levekårsutfordringane engasjerar breitt, og at temaet blir opplevd som viktig, trass ulike ståstader og interesser. Engasjementet frå næringslivet er særleg positivt, i og med at dette er aktørar som til dagen arbeider mindre med levekårs spørsmål enn offentleg og frivillig sektor.

Dei **organisatoriske forholda ligg til rette** for vidare arbeid med betring av levekåra i Kristiansund. Det vil vidare vere grunnleggande å sikre ei god **forankring** av arbeidet, både i planverk og i den administrative og politiske leinga i kommunen, samstundes som ein trekkjer på **dei ressursane og den interessa** det er for desse spørsmåla både i næringslivet og lokalsamfunnet elles. Den naturlege oppfølginga av dette er eit **forum som representerer breidda i interesser**, med deltaking frå offentlig, privat og frivillig sektor, der arbeidet med vidare konkretisering og oppfølging av levekårsutfordringane i Kristiansund er tema. Dersom dette skal vere eit operativt forum, snakkar om ei relativt lita gruppe sentrale aktørar. Det viktigaste er å få med representantar som både har interesse for problemstillingane knytt til levekårs situasjonen i Kristiansund, og som samtidig har legitimitet hos dei interessene dei skal representere. Om ein lukkast med ei slik organisering, har ein eit forum som kan vere eit utgangspunkt for å styrke samarbeidet mellom frivillig, offentleg og privat sektor rundt problemstillingar knytt til levekårsutfordringane i Kristiansund.

Referansar

- Amdam, J. (2003). Structure and Strategy for Regional Learning and Innovation – Challenges for Regional Planning. *European Planning Studies*, 11, 439–459.
- Båtevik 2002. *Demografi og mobilitet i Møre og Romsdal : flyttehistoriene til årskulla fødde 1955-64*. Tabellvedlegg til Arbeidsrapport nr 134. Volda: Møreforskning Volda.
- Bennett, R.. J. og McCoshan, A. (1993): *Enterprise and human resource development. Local capacity building*. London: Paul Chapman Publishing.
- Bergen kommune (2008). *Levekår og helse i Bergen 2008*
http://images.bt.no/btno/multimedia/archive/00540/LEVEKAARSRAPPORT_20_540698a.pdf
- Braathen, M., Djuve A.B, Dølvik T., Hagen K., Hernes G., Nielsen R.A (2007): *Levekår på vandring. Velstand og marginalisering i Oslo*. Fafo-rapport 2007:05
- Bye, R. og Haugum, M. (2009). *Evaluering av Høgskolesenteret i Kristiansund*. Notat 2009: 16. Steinkjer: Trøndelag Forsking og Utvikling AS.
- Dølvik , T, Nadim, M og Nielsen, R. A (2008). *Levekår og sosialhjelp : hopning av levekårsproblemer blant individer og kommuner :effekt på sosialhjelpsutgifter*. Oslo : Fafo.
- Fløtten, T, Dahl, E og Grønningsæter, A (2001). *Den norske fattigdommen : hvordan arter den seg, hvor lenge varer den og hva kan vigjøre med den?* Oslo: Fafo.
- Gulbrandsen, L (2006). *Bolig å levekår i Norge*. Oslo: NOVA.
- Halpern, A-M. (2008). *Levekårsprosjektet i Kristiansund – SSBs levekårsindeks*. Notat. Molde: Møre og Romsdal fylke.
- Haug, P. (2004): "Om tilpassa opplæring". *Skolepsykologi. Tidsskrift for pedagogiskpsykologiskjeneste* 39(4): 3–23.
- Healey, P. (1997): *Collaborative Planning. Shaping Places in Fragmented Societies*. LTD, London. Macmillan Press
- Healey, P., A. Madanapour and C. Magalhaes (1999): Institutional Capacity-building, Urban Planning and Urban Regeneration Projects. In M. Sotarauta (ed.) *Urban Futures: A Loss of Shadows in the Flowing Spaces?* Futura vol.18.No.3/1999.p.117 - 137.
- Larsen, J-E (2007). *Kristiansund : by av hav*. Oslo : Kom forlag.
- Løseth, A. (1996). *Likskap og lagdeling : 1920-1972. Fylkeshistorie for Møre og Romsdal, bind 3*. Oslo: Det norske samlaget.
- Rambøll (2009). *Kartlegging av ungdomstiltak*. NAV Drift og utvikling. Rapport. August 2009
- Sanbæk, M. (2004). "Barn i inntekstfattige familier" i Sandbæk M. (red): *Barns levekår. Hva betyr familiens inntekt?* 2004: 15-31. NOVA Rapport 11/2004.
- Skog Hansen I.L., Bogen H., Fløtten T., Pedersen A.W., Sørvoll J (2008): *Det er jo ingen som sulter her, men... Kommunale strategier i arbeidet med å forebygge og bekjempe fattigdom*. Fafo-rapport 2008:18
- St.meld. nr 23, 2003-2004. *Om boligpolitikken*. Oslo: Kommunal- og regionaldepartementet.
- Statistisk sentralbyrå (2003). *Barn av enslige forsørgere i lavinnteksthusholdninger. En analyse basert på registerdata*. Oslo: Statistisk sentralbyrå.
- Statistisk sentralbyrå (2007): *Ungdoms levekår*. Oslo: Statistisk Sentralbyrå.
- Statistisk sentralbyrå (2008): *Levekår blant innvandrere i Norge 2005/2006*. Rapporter 2008/5. Statistisk Sentralbyrå.
- Statistisk sentralbyrå(2009). *Sosial arv – utdanning, yrke og materielle kår*. Statistisk Sentralbyrå. Rapporter 2009/16. Oslo – Kongsvinger
- Stefansen, K. (2004a). "Fritid og sosial deltakelse" i Sandbæk M. (red): *Barns levekår. Hva betyr familiens inntekt?* 2004: 15-31. NOVA Rapport 11/2004
- Stefansen, K. (2004b). "Barns skolehverdag: Prestasjoner, sosiale relasjoner og trivsel" i Sandbæk M. (red): *Barns levekår. Hva betyr familiens inntekt?* 2004: 15-31. NOVA Rapport 11/2004.
- Stör, W. B. (1990). *Global challenge and local response*. London and New York: Mansell.
- Storper, M. (1997). *The Regional World. Territorial Development in a Global Economy*. The Guilford Press. New York.
- Thrana, H.M., Anvik, C.H., Bliksvær, T., Handegård T.L. (2009). *Hverdagsliv og drømmer. For unge som står utenfor arbeid og skole*. Nordlandsforskning - NF-rapport nr. 6/2009.
- Wågø, A. G (2004): *Hvorfor har Kristiansund flere levekårsproblemer enn andrenorske byer? en komparativ studie av to aldersgruppers levekår i Kristiansund*. Volda: Høgskulen i Volda.

Appendiks: Viktige individretta tiltak

Når tiltak for å betre levekåra i Kristiansund skal vurderast, er det viktig å halde fast på dei ein alt har prøvd ut og som fungerer. Ut frå dei tilbakemeldingane vi har fått er det særleg seks slike tiltak som blir trekte fram: Basisteamet, Levande Vågen, Oasen Kreativt Sent/Oasen Lavo Familieteamet, Vågetorget og NAV's ungdomsteam. Dette er tiltak som det er brei semje om at det bør satsast vidare på. Vi har derfor valt å presentere dei litt nærare her.

Basisteamet har bakgrunn i eit forprosjekt i perioden 2001-2004 knytt til ungdom som står i fare med å utvikle atferds- og/eller rusproblem, og å falle utanfor skule, fritidsaktivitetar og arbeidsliv. Basisteamet er tverrfagleg med stillingsressursar frå barnevernstenesta, helsesøstertenesta, psykiatritenesta og skulen. Basisteamet skal vere eit supplement til hjelpeapparatet elles. Det blir arbeidd med samarbeid med den enkelte skule, foreldre og ungdommane sjølve for å legge til rette for ulike formar for alternativ undervisning og utplassering i arbeidslivet tilpassa den enkelte elev. Teamet har også ei rolle knytt til det å opprette kontakt med frivillige lag og organisasjonar. Basisteamet har vore evaluert, og evalueringa konkluderar med at opprettinga av Basisteamet med all sannsyn har ført til at fleire ungdommar som er i risiko for å utvikle problematferd i skule, heim og fritid, får raskare og betre tilpassa hjelp. Samarbeidspartnarar opplever stor nytte av innsatsen til teamet, og at dei avlaster og støttar skule og barnevernsteneste, og medverkar til raskare og meir samordna handling og avgjersler i den enkelte sak. Evalueringa peikar og på moglege forbettringsområde, og dette er i stor grad knytt til behovet for eit betre dokumentasjonssystem.

Levende Vågen er eit samarbeid mellom Kristiansund kommune, vidaregåande skule (ved Oppfølgingstenesta) og NAV. Prosjektet er finansiert av kommunen og fylket, og har ei stilling knytt til prosjektet samt litt ad hoc organisering frå år til år. Levende Vågen er eit tilbod for ungdom som har behov for strukturering og habilitering – dyktiggjering for skulegang, praksisplass eller ordinært arbeid. Arbeidsavklaring og praktiske meistringsorienterte tiltak er metodikken, og tilbodet skal blir gitt til ungdom i målgruppa med alderen 13-20 år busett i kommunen. Levende Vågen har vore eit tilgjengeleg tilbod i åtte år, og har hatt ei gjennomsnittleg elevmengde på 10 elevar per år. I 2009 var der eit elevtal på 18 ungdommar.

Aktiviteten er knytt til utprøving i ulikt handverk; mykje gjennom samarbeid med Nordmøre museum, samarbeid med handverkarar i praksisperiodar, knytt til Ungt Entreprenørskap - ungdomsbedrifter (Rambøll 2009). Der er også aktivitet knytt til vedlikehald av offentlege bygg – oppdrag som byggingeniøren tingar hos Levende Vågen.

Oasen Kreativt Senter er i dag drive som eit brukarstyrt selskap og har føremål om aktivisering, opplæring og arbeidstrening. Selskapet er non-profit og eventuelle overskot går vidare til drift og utvikling av tilbod innanfor føremålet. Drifta er i hovudsak prosjektfinansiert, og det er knytt 5-6 årsverk og ein del deltidstillingar til drifta. Oasen består i dag av Frivillighetssentral for Kristiansund og utvikling og drift av lågterskeltiltak for inkludering og tilrettelagt arbeidstrening. Frå 2010 vil truleg Frivillighetssentralen bli skilt ut frå drifta til Oasen. Målgruppene til Oasen er alle med behov for eit lågterskeltiltak, og målsettinga er å drive lågterskeltiltak som blir etterspurt i ei mellomrolle mellom frivilligheit, næringsliv (inkl. ASVL-bedrifter) og offentlege aktørar. Oasen har om lag 500 deltakarar i månaden knytt til ulike tilbod, som bl.a.: gjeldsrettleiing, rettleiing/oppfølging, APS-plassar på besøksgard, basiskompetansetilbod (i samarbeid med KO), systue, sjølvhjelpsaktivitetar, fritids, seniortreff, ulik aktivitet og møteverksemd for brukarforeningar, samt kveldsmøte og aktivitetar for innvandrarar.

Oasen LAVO er eit nytt prosjekt der det er blitt gitt tilskot til vidare utvikling og 3 års drift av ein lågterskelarena for aktivisering, rettleiing og opplæring. Målsettinga med LAVO er ein permanent og forutsigbar inkluderingsarena med eit mangfald av koordinerte og motiverande lågterskeltilbod for ulike målgrupper. LAVO skal vere eit brukarstyrt bindeledd mellom helse, kommunale tenester og meir kommersielle aktørar/næringsliv med fokus på samlokalisering og samlokalisering av relevante

tilbod kor kompetansen gjerast tilgjengeleg der kor brukarane er. Det vil vere fokus på rett bruk av etablerte tiltak og det å vere eit "sikkerhetsnett" for drop-outs. Oasen LAVO vil vere eit tilbod knytt til utvikling og meistring, og vil stå i ein relasjon til Frivillighetssentralen med tilbod knytt til aktivisering samt andre aktørar sine ordinære tiltak.

Familieteamet er eit relativt nytt tiltak i Kristiansund, som starta opp i andre halvdel 2008. Familieteamet er eit tilbod til gravide, barn, unge og deira familiar i aldersgruppa 0-20 år - busett i Kristiansund kommune. Familieteamet arbeider med barn og unge som er i risiko for å utvikle psykososiale vanskar, familiar som strever i oppdraginga og/eller er i ein vanskeleg livssituasjon. Familieteamet skal gi eit tilbod til dei som ønskjer meir oppfølging enn det den ordinære helsestasjonen/skolehelsetenesta kan tilby. Familieteamet er eit lågterskeltilbod og skal vere lett tilgjengeleg. Det er ikkje nødvendig med særleg tilvisning til tilbodet, - familien kan sjølv ta kontakt og tenesta er gratis. Helsesøster, barnehage, skule, helseføretak og andre kan også formidle kontakt. Årsrapporten frå 2008 fortel at Familieteamet oppleve stor pågang i henvendingar. Dei som tek kontakt er hovudsakeleg foreldra sjølv, helsesøster, skule og barnehage. Talet på foreldre som tek kontakt synest å auke, og mange finn informasjon på nettsida til teamet. Utfordringa i 2009 vil vere å sikre gjennomstrømming av saker slik at Familieteamet kan nå målet om å gi rask hjelp.

Vågetorget er ein ekstern "satellitt"/eining for oppfølging av personar med særskilte behov knytt til NAV-tenesta, og er ei utvikling innanfor TIO-satsinga (Tettare Individuell Oppfølging). *Vågetorget* er ein "paraply" og oppfølgingsteneste ovanfor brukarar som er vanskeleg attførbare på vegne av "kontoret", og er aktuell base for ulike prosjekttiltak, program- og oppfølgingsinnsatsar. Meir langvarig oppfølging er tenkt ivaretatt av NAV-kontorets "satelittar". Mange av brukarane av sosialtenesta slit med til dels omfattande personlege, sosiale og kvalifikasjonsmessige problemstillingar, og treng i stor grad koordinerte teneste og særskilt individuelt tilpassa og tett oppfølging. Desse brukarane har i periodar vore fellesbrukarar med NAV Arbeid og NAV Trygd, og det er slik tenkt at desse skal takast vare på gjennom det nye NAV-kontoret inntil dei får avklart situasjonen sin. *Vågetorget* er foreløpig finansiert med statlege prosjektmidlar og kommunale midlar.

NAV's Ungdomsteam skal vere ein betydeleg kompetanse i NAV og i lokalsamfunnet elles ved å gi et heilskapleg og tilpassa tilbod til ungdom. Ungdomsteamet består av fem stillingar - med personar som skal vere gode på møte med ungdom. Med bakgrunn i lokale levekårsutfordringar ønskjer NAV Kristiansund bl.a å komme tidligare inn i forhold til risikoutsett ungdom/familiar, og styrke desse ved bruk av NAVs mangfaldige verkemidlar. Ungdomsteamet er ei viktig spesialisering i etableringa av NAV Kristiansund knytt til at kommunen har ei stor og kompleks ungdomsgruppe. Brukerundersøkinga til NAV vise ei ungdomsgruppe med til dels betydelige yrkeshemmingar, der 2/3 har omfattande rusproblem og/eller dobbeldiagnose. Primær målgruppe er ungdom i alderen 18-24 år, men teamet skal også samarbeide vedrørande barn/ungdom i alderen 16-18 år. Her vil både Oppfølgingsteneste (OT) og barnevern vere samarbeidspartnarar. Ungdomsteamet har som målsetting å møte all ungdom på ein trygg og ansvarleggjerande måte, der det blir stimulert til arbeid, skule, aktivitet, trivsel og deltaking i samfunnet. Teamet har også ei målsetting om å følgje ungdommen lengre enn i andre mottakssaker, og det er vurdert som teneleg at OT er ein forpliktande deltakar i teamet.

Fellesnemnaren desse individretta tiltaka er tidleg innsats, heilskapeleg tilbod og tett individuell oppfølging. Tiltaka er også i stor grad retta mot barn og unge og vanskelegstilte gruppe med samansette behov.